



**Sauda kommune**



Kommunedirektøren sitt forslag til:

# **Budsjett 2024**

## **Økonomiplan 2024 – 2027**

Vedtatt 13.12.2023, sak xxx/2023

**Forsidefoto:**

Vidar Solheim, CC BY-SA 3.0 <<https://creativecommons.org/licenses/by-sa/3.0/>>, via Wikimedia Commons

## Innhald

0	Kommunestyret sitt vedtak .....	5
1	Kommunedirektøren si innleiing .....	6
1.1	Utforming av budsjettdokumentet .....	8
2	Kommunedirektørens forslag til vedtak .....	9
3	Faglig stab og støtte.....	11
3.1	Beskrivelse av tenestene .....	11
3.2	Utfordringar for 2024 .....	11
3.3	Mål for 2024 .....	12
3.4	Tiltak .....	12
4	Oppvekst.....	14
4.1	Beskrivelse av tenestene .....	14
4.2	Utfordringar for 2024 .....	14
4.3	Mål for 2024 .....	16
4.4	Tiltak .....	16
5	Helse og velferd .....	22
5.1	Beskrivelse av tenestene .....	22
5.2	Utfordringar for 2024 .....	22
5.3	Mål for 2024 .....	23
5.4	Tiltak .....	24
6	Næring og Samfunn .....	29
6.1	Beskrivelse av tenestene .....	29
6.2	Utfordringar for 2024 .....	29
6.3	Mål for 2024 .....	31
6.4	Tiltak .....	31
7	Overordna føringar for økonomiplanperioden .....	38
7.1	Samanheng budsjett- og økonomiplan og kommuneplan .....	38
7.2	Økonomiske rammevilkår .....	39
7.3	Finansielle måltal.....	41
7.4	Befolkningsutvikling og demografi .....	44
7.5	Omstilling 2025.....	45
8	Organisering og arbeidsgivarstrategi.....	46
8.1	Tilsette i Sauda kommune .....	46
8.2	Administrativ organisering .....	46
8.3	Heiltidskultur .....	47

8.4	Sjukefråvær og nærvær på arbeidsplassen .....	47
8.5	Lærlingar .....	48
8.6	Kompetanseutvikling .....	48
9	Oppfølging av kommuneplanen .....	49
9.1	Innovasjon, samarbeid, samskaping .....	49
9.2	Verdiskaping og næring .....	50
9.3	Leve i Sauda .....	51
9.4	Energi, klima og miljø .....	51
9.5	Tettstadutvikling .....	52
10	Oppfølging av rammesaken .....	53
10.1	Bustadattraktivitet .....	54
10.2	Ambulerande team .....	58
10.3	Sentrumsutvikling .....	61
10.4	Omstilling 2025 .....	62
10.5	Kompetanse .....	64
10.6	Driftseffektivisering .....	66
10.7	Meråpent bibliotek .....	68
10.8	Interkommunale samarbeid .....	70
10.9	Investeringer i helse .....	72
10.10	Oppgaveglidning helsepersonell .....	73
11	Investeringer .....	74
11.1	Tiltak i økonomiplanen .....	75
11.2	Investeringer som tas ut av økonomiplanen .....	82
12	Talbudsjettet .....	84
12.1	Driftsbudsjettet 2024 og økonomiplan 2024 – 2026 .....	85
12.2	Føresetnader for framskriving i økonomiplanperioden .....	86
12.3	Næringskapitlet .....	88
12.4	Investeringsbudsjettet .....	90
13	Vedlegg .....	92
13.1	Vedlegg 1: Vedlegg som legges ved kommunestyresaken .....	92
13.2	Vedlegg 2: Unntak eigedomsskatt .....	92
13.3	Vedlegg 3: Bevilgningsoversikt investering 2024 .....	93
13.4	Vedlegg 4: Bevilgningsoversikt drift .....	96
13.5	Vedlegg 5: Låneoversikt .....	98
13.6	Vedlegg 6: Samlet tiltaksliste – anbefalte tiltak .....	99
13.7	Vedlegg 7: Samlet tiltaksliste – ikke anbefalte tiltak .....	100

## 0 Kommunestyret sitt vedtak

**Blir lagt inn etter kommunestyre sin behandling.**

## 1 Kommunedirektøren si innleiing

Sauda kommune er ein rik kommune; me har store inntekter, natur som folk nyttar med både fjord og fjell, eit bysentrum, kraft, industri, landbruk og ein del aktivitetstilbod som dei fleste kommunar i distrikta berre kan drøyme om.

Budsjettet for 2023 vart framlagt i tru på at me skulle få netto inntekter på sal av konsesjonskraft på nesten ein kvart million kroner. Resultatet ser ut til å bli netto NOK 142,2 millionar. For 2024 er konsesjonskrafta seld på fastpris, og gjer oss ein inntekt på 107 millionar kroner. Når ein veit at me så seint som i 2022 hadde 30 millionar kroner i nettoinntekt på konsesjonskraft skulle dette isolert har gitt store overskott i både 2022 og 2023. Det får me ikkje.

Sauda kommune har sidan starten av 1930-talet vent oss til å nytte inntektene frå krafta rett i drifta. I den seinare tid ser med tydeleg at me vent oss til eit driftsnivå som ikkje er berekraftig. For ein kommune er det tre tal som er dei viktigaste måleinstrumenta for å sjå på kva økonomisk handlingsrom ein kommune har. Disse er:

- Netto driftsresultat (%)
- Netto lånegjeld (%)
- Disposisjonsfond (%)

Kvart år ser KS over rekneskap til kommunane, og produserer ein indeks for økonomisk handlingsrom<sup>1</sup>. I 2022 var det 23 kommunar i Rogaland, og Sauda hamna på ein 19 plass i kategorien netto driftsresultat, 7 plass i netto lånegjeld og 12 plass i disposisjonsfond. Det gjer ein 15 plass samla sett i indeksen over handlingsrom for kommunar i Rogaland. Sauda burde, med sine kraftinntekter og fordelten av 91%<sup>2</sup> av innbyggjarane bur sentralt, ha vore i den øvre 1/3-del blant kommunane i Rogaland, ikkje i den nedre 1/3-del.

Det å betre det økonomiske handlingsrommet vil vere den viktigaste saken til kommunedirektøren i årets forslag til budsjett, og gjer seg utslag i ein rekke innsparingstiltak. For neste år vil kommunen ha økonomisk handlingsrom til å klare å unngå nokre av desse, men med den utviklinga me ser i folketal, og me forventingar om lågare straumprisar framover, vil det vere naudsynt å foreta omfattande endringar i kva tenester Sauda kommune leverer framover.

Ved utgangen av andre kvartal 2013 var det 4 740 innbyggjarar i Sauda, ved utgangen av andre kvartal 2023 var det 4 566. Det er ein reduksjon på 3,8 % (174 innbyggjarar), og då er det i statistikken medrekna mottak av over 100 flykningar frå Ukraina. Kommunedirektøren registrer at det i kommuneplanen er satt eit mål om 5 000 innbyggjarar i 2030. Målet inneberer ein folkevekst på over 9% (434 innbyggjarar) på seks år. Når ein ser på utviklinga dei siste 10 år, er det eit mål som det er særst lite realistisk å nå. SSB sin framskriving av folketalet for 2030 er 4 268 innbyggjarar. Kommunedirektøren har plikt til både å arbeide for å realisere dei mål kommunestyret fastsett, samstundes skal hen planleggje for realistiske scenario. Det er difor naudsynt at kommunestyret og administrasjonen saman ser nærare på kva scenario det er me skal bygge tenestetilbod og budsjett etter.

---

<sup>1</sup> <https://www.ks.no/contentassets/b391d2cf543f42c8aa4b064eccf7ef92/Okonomisk-handlingsrom-2022-kommunevis-oversikt.pdf>

<sup>2</sup> Kjelde: <https://www.ssb.no/kommunefakta/sauda>

Ideelt skulle Sauda kommune ha klart å ha ein grunndrift kor ein ikkje var avhengig av inntekter frå konsesjonskraft. Kommunestyret har også vore klare på at det er eit mål å gjere kommunen mindre avhengig av kraftinntekter i drifta. Kommunedirektøren sitt budsjettforslag er ikkje av ein slik art at kommunestyret kan sei at ein er i mål. For 2024 er det som nemnt ovanfor budsjettet med 107 millionar i inntekter frå konsesjonskraft, medan det planleggjast for eit mindreforbruk på (overskott) på 27,7 millionar kroner i 2024. Om dei låge kraftprisane for 2022 skulle komme attende ville dette ha medført eit overforbruk (underskott) på nesten 50 millionar kroner. Det er såleis enda behov ein vedvarande omstilling av drifta, før me kan sei at drifta er berekraftig over tid.

Samstundes har kommunedirektøren i sitt forslag til økonomiplan lagt inn ein reduksjon av kraftinntektene med 15 millionar kroner mindre per år i 2025 – 2027 enn i 2024, og det vert levert planlagt mindreforbruk på 15,2, 22,5 og 22,7 millionar kroner desse åra. Samla planlagt mindreforbruk i perioden er på 88,2 millionar kroner. Klarar me å levere i nærleiken av desse planane vil Sauda kommune på fire år ha auka disponibel likviditet frå kring 30 millionar kroner til mellom 110 og 120 millionar kroner. Då når me eit nivå som gjer at ein kan byrje å diskutere om ein skal velje å bruke deler av disposisjonsfondet til investeringar.

Kommunedirektøren er klar over at ein del av forslaga i budsjettet er inngripande, og utfordrar eksisterande tankar og oppfatning om kva og korleis Sauda kommune skal angripe framtida. Realiteten er jamvel at Sauda kommune framover vil ha store utfordringar med å rekruttere folk, og at det ikkje vil vere mogleg å levere korkje helse, barnehage eller skule på same nivå, og med same struktur som me har i dag. Det er tre grunner til dette:

1. Me vert fleire og fleire eldre

Den delen av befolkninga som vert eldre blir så stor at det mest sannsynleg ikkje vil vere mogleg å levere tenester på sjukeheim, omsorgsbustader og i andre kommunale tenester på det nivå me kjenner i dag. Me må kommunisere klart og tydeleg at den einskilde 50-åring allereie no må byrje å planleggje for ein situasjon kor ein skal bu trygt heime, nesten heile livet ut. Då kan ein ikkje bu i eit hus kor soverommet er i tredje etasje, stua i andre etasje og kjøkken og bad i første etasje. Planlegginga og endringane må skje før behovet oppstår.

2. Barnetalet vert mindre

I 2023 vert det født cirka 30 barn av foreldre busett i Sauda kommune. I 2022 var det taler 39. Me har areal til cirka 278 plassar i barnehage. Om fødselstalet stabiliserer seg på nivå med dei to siste åra vil me ha behov for cirka 175 plassar i barnehagane. I dag er det cirka 220 barn med barnehageplass i Sauda. Noko overkapasitet kan ein ha, men å planleggje for ein overkapasitet på over 50 % er ikkje berekraftig over tid.

Med dei barnetala me ser no, vil det nokre år ikkje vere fleire born enn at det eigentleg er plass til alle i ein klasse. Med ein struktur på tre ulike barneskular vert det små klassar, og særst mange lærarar som skal rekrutterast til få elevar. Når ein legg til språkdeling på toppen av dette, gir dette ein situasjon kor ressursutnyttinga vert særst dårleg. Me slit allereie med å rekruttere kvalifiserte lærarar og Sauda kommune bør søkje å optimalisere drifta slik at elevane får lærarar med rett kompetanse.

3. Me får ikkje tak i kvalifisert arbeidskraft

Sauda kommune slit allereie i dag med å få tak i kvalifisert arbeidskraft innanfor ulike fagdisiplinar, og skal ein tru på spådomane vil det ikkje verta enklare framover. Skuleåret 2023/2024 har me elleve lærarar som underviser i fag dei ikkje har formell kompetanse til å

undervise i, me manglar fem av seks fastlækjarar, det er få søkjarar på stillingar med krav om høgre utdanning, og dei nasjonale kompetansekrava vert stadig skjerpa. Skal me møte dei utfordringane me står ovanfor må me lage både ein struktur, og ein organisering, der me får utnytta kompetansen best mogleg. Det gjer både at me må leggje ned arbeidsområde som er ressurskrevjande, og at tilsette i større grad enn i dag må rekne med å gå på tvers. Det er lite truleg at Sauda kommune vil klare å konkurrere om spesiell fagkompetanse på ein rekkje områder. For å dekkje desse områda må me truleg organisere oss i samarbeid med andre, som gjer at me får tilgang på kompetansen, og me må leggje forholda til rette for at tilsette kan byggje kompetanse.

Sjølv om ein kan verta dyster av å lese kommunedirektøren sin innleiing, må ein ikkje gløyme at Sauda kommune er ein organisasjon og kommune som det er godt å arbeide og bu i. Me jobbar kvar dag for å bli litt betre, og har ein nærleik til folk, næringsliv og frivillige organisasjonar som gjer oss dei beste føresetnadar for framtida. Den blomstringa som no skjer på Åbøtunet gjennom samarbeid mellom frivillige og kommunen er eit av fleire eksempel på kva som er mogleg å få til når me trekk i lag.

Eg ynskjer kommunestyret lukke til med budsjettarbeidet, og ser fram til saman med ein dyktig og profesjonell organisasjon å realisere dei tiltaka som kommunestyret vedtek.

## 1.1 Utforming av budsjettdokumentet

Kommunedirektøren presenterer med dette eit budsjettdokument kor teksten både er på nynorsk og bokmål. Dette i tråd med språkrettleiaren for Sauda og Suldal kommunar som slår fast at: *«Sauda kommunestyre har vedtatt at kommunen er språknøytral. Det vil seie at dei tilsette kan velja om dei vil nytte bokmål eller nynorsk som deira skriftspråk i sitt arbeid.»*

Kommunedirektøren la før sumaren fram ein sak kor kommunestyret mellom anna vart oppmoda til å sei om det var eit sterkt ynskje å halde på styringskort i dokumentet. Kommunestyret fatta ikkje vedtak knytt til dette. Kommunedirektøren har difor tatt bort styringskort frå dokumentet, og erstatte dette med konkrete mål per sektor. Dette skjer etter at sektorane har gitt tilbakemelding på at styringskort i liten grad vart nytta til anna ein rapportering. Målet med omlegginga er å sikre at kommunestyret kan vere med på å fastsette kurs for kvar enkelt sektor, men samstundes ta ned eit system som vart opplevd som gamaldags, og med mål som i stor grad var svært runde og difor reelt lite styrande.

Det å ta bort styringskort heng vidare saman med at budsjettdokumentet har behov for å vidareutviklast. Det er i for liten grad ein sammankobling mellom kommuneplanen, temaplanar, økonomiplan, budsjett og tertialrapport. Det vil vere ein prioritert oppgåve framover og betre denne samankoplinga, og sikre ein rød tråd i arbeidet. Kommunedirektøren startar primo januar arbeidet med å endre tertialrapportane slik at dei gjer kommunestyret betre informasjon, og eit reelt handlingsrom.

## 2 Kommunedirektørens forslag til vedtak

1. Inntektene for Sauda kommune består av rammeoverføring, skattar og avgifter, øyremerka tilskot og sal m.m.

### Driftsbudsjett

2. Årsbudsjett for 2024 og økonomiplan for 2025 - 2027, samt avgifter, gebyr og betalingssatsar for 2024 (vedlegg 2) vedtas.
3. Tallbudsjettet vedtas med brutto driftsresultat på 7,70 % av driftsinntekter. Netto driftsresultat utgjør 4,51%. For 2024 er det budsjetter med eit overskot på kr. 26 490 982 millionar. Overskotet vert avsett til disposisjonsfond.
4. Driftsbudsjettet vedtas med netto ramme. Det vil si utgifter minus inntekter er likt budsjett. Netto rammer er som følgjande:

Politisk nivå og Fagleg stab og støtte	kroner	45 005 800
Oppvekst	kroner	107 322 800
Helse og velferd	kroner	213 482 860
Næring og samfunn	kroner	97 163 058
Netto driftsramme kraft	Kroner	-86 827 800
Netto drift overordna	Kroner	16 267 500
Avskrivningar og kalk/renter	kroner	-55 751 200
<b>Total netto ramme</b>	<b>kroner</b>	<b>336 663 018</b>

Nettorammene er inklusive avskrivningar og kalkulatorisk kostnad (VAR), men eksklusiv avsetning til, og forbruk av fond.

Kommunedirektør delegerast myndigheit til å omdisponere innanfor rammene.

Kommunedirektør delegerast myndigheit til å "fryse" budsjettpostar og ledige stillingar. Ledige stillingar skal bli nøye vurdert med omsyn til alternativ organisering for å løyse arbeidsoppgåver utan nyttilsettingar.

### Investeringar

5. Investeringsbudsjett for 2024 vedtas i tråd med oppstilling i kapittel 12.4. Kommunestyret stiller øvrige investeringsprosjekter i bero i tråd med oppstilling i kapittel 11.2.

Investering innanfor sjølvkost (VAR)	Kroner	21 800 000
Andre investeringar	Kroner	59 000 000
Startlån for vidareformidling	Kroner	10 000 000

Kommunedirektøren gis fullmakt til å omdisponere midlar i investeringsbudsjettet til vedtekne prosjekter. Delegasjonen er avgrensa til 2,5 million kroner. Ved omdisponeringar skal formannskapet orienterast.

6. Sauda kommune tar opp følgjende lån i 2024:

VAR	Kroner	0
Øvrige opplån	Kroner	0
Startlån	Kroner	10 000 000

Kommunedirektør blir delegert mynde til å ta opp lån og godkjenne endelege lånevilkår, avdragstid, rente og å binde renta for lån innarbeida i budsjettet og vedtatt av kommunestyret, jf. finansreglement. Avdragstid og sum må vera innanfor grenser som kommunelova setter, jf. Kommunelova § 50 nr. 7. Delegeringa gjelder i heile lånet si løpetid.

7. Skattesatsane for inntektsskatt og formueskatt skal være i samsvar med maksimalsatsane vedtatt i Stortinget sitt skattevedtak.
8. Eigedomsskattevedtak for året 2024 i Sauda kommune:

For eigedomsskatteåret 2024 skal det også skrives ut eigedomsskatt på eit «særskilt fastsett grunnlag» i medhald til overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 første ledd. Det særskilte grunnlaget skal i 2024 vera lik 6/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er grunna nye verdsettelsesreglar og at produksjonsutstyr- og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget for verk og bruk som frå og med 2019 blei sett på som næringsseigedom.

#### Verkeområde

For skatteåret 2024 skal det skrivast ut eigedomsskatt på næring og faste eigedommer i heile kommunen. Jf. lov om eigedomsskatt til kommunene (eskl.) § 3 første ledd, bokstav a.

##### a) Eigedomsskattesats:

- a. Den alminnelege eigedomsskattesatsen for 2024 er 7 promille, jf. eskl. § 11 første ledd.
- b. Differensiert skattesats for bustaddelen i eigedommar med sjølvstendig bustaddel, med tilhøyrande tomt, for 2024 er 4 promille, jf. eskl. § 12 bokstav a).
- c. Nedtrapping av eigedomsskatt for maskiner og installasjonar blir gjort med 1/7 del kvart år frå og med 2019.

##### b) Takstvedtekter:

- a. Takstvedtektene for eigedomsskatt i Sauda kommune blei vedtatt i kommunestyret 12. desember 2012, sak 109/12.

##### c) Terminar:

- a. Eigedomsskatten blir skrevet ut i fire terminar, jf. eskl. §25 første ledd.

##### d) Takstar:

Taksering frå 2013 ligg til grunn for satsar.

##### e) Unntak frå eigedomsskatt i forhold til eigedomsskattelova § 7 a og b:

- Unntak gis i tråd med oppstilling i kapittel 13.2

Kommunestyret gir kommunedirektøren delegert mynde til å innvilge søknadar om fritak for eigedomsskatt for stiftelsar/ organisasjonar på grunnlag av søknad.

9. Kommunestyret vedtar å ta etterreguleringar/utrekning av kommunen sine pensjonskostnader, slik det går fram i aktuarberekningar i Kommunal Landspensjonskasse og i Statens Pensjonskasse, over 7 år.

#### Innstilling berre til formannskapet:

10. Budsjett 2024 og økonomiplan 2024 – 2027 leggjast ut på offentleg høyring.



### 3 Faglig stab og støtte

Faglig stab og støtte					
Kvinner			Menn		
13			7		
Antall årsverk	Heltid	Deltid	Antall årsverk	Heltid	Deltid
12,3	11	2	7	7	0
Netto budsjettramme 2024 NOK 45 055 800					

#### 3.1 Beskrivelse av tjenestene

Sektor for faglig stab og støtte består av ni områder.

Sentral ledelse, Kundetorg m/politisk koordinering, HR (lønn og personal), Økonomiavdeling, Kundetorg, RitS (IKT), NoRoSun skjenkekontroll, Miljøretta helsevern og kommunelege.

Faglig stab og støtte skal være Sauda kommune sitt kompetansesenter innen Økonomi, innkreving, HR (lønn og personal), arkiv og innkjøp.

Sauda kommune er vertskommune for NoRoSun skjenkekontroll som omfatter 16 kommuner og Miljøretta helsevern som omfatter 4 kommuner

#### 3.2 utfordringer for 2024

Innenfor Faglig stab og støtte er det mange fagområder - spesialområder som er fordelt på forholdsvis få tilsette. Dette medfører at en er sårbar og det kan skape utfordringer ved vakanse, sykdom og ferie.

Ved å øke søkelys på samarbeid med andre kommuner, eventuelt inngå vertskommunesamarbeid, kommunalt oppgavefelleskap (KOF) eller eventuelt IKS'er på enkelte fagområde, vil en både kunne styrke fagkompetansen samtidig som sårbarheten ville blitt redusert og en blir mer robust.

##### 3.2.1 RiTS

RiT er i sitt første driftsår etter at selskapet ble etablert som et eget foretak, hvilket betyr at det gjennomføres mange aktiviteter på ulike plan for å få satt ting i drift. RitS opererer etter den vedtatte administrative styringsmodellen, for å sikre interkommunal samhandling, helhetlig tjenestestyling og omstilling. Vi skal levere et bærekraftige tjenester og jobbe målrettet for standardisering og stordriftsfordeler som kommer felleskapet til gode, noe vi forventer å se umiddelbare effekter av.

Etter hvert som vi blir mer digitale, stilles det også økende krav til helhetlige, sømløse og robuste tjenesteleveranser. I dette ligger for eksempel sikkerhetsfokus i anskaffelse og leveranser av fagsystemer, kontroll på verdikjede, enheter og løsninger. I tillegg til suksessfaktoren økt bevisstgjøring og økt sikkerhetsadferd gjennom ulike kompetansehevingstiltak hos ansatte.

IT sikkerhet er et komplekst landskap, og trussel aktørene blir stadig mer profesjonelle i utøvelse av sine handlinger, noe som igjen er meget utfordrende for kommunal sektor som i

utgangspunktet har begrensede økonomiske rammer. Vi har i RitS jobbet strukturert og målrettet med IKT sikkerhet på mange plan, og i parallell er det gjort ulike strategiske anskaffelser innenfor området som skal bidra til at vi får tilført ytterligere sikring, kompetanse og rådgivning for å styrke oss ytterligere.

### 3.3 Mål for 2024

- Organisasjonsutvikling
  - Gjennomføre medarbeiderundersøkelse basert på 10-faktor.
- Sykefravær:
  - Faglig stab og støtt under 4,5 %
  - Sauda kommune under 7 %
- Internkontroll
  - 70 % av alle rutiner i internkontrollsystemet skal være ajourført og revidert i løpet av 2024.
- Økonomi:
  - En skal ved årsslutt være innenfor tildelt ramme for 2024.

### 3.4 Tiltak

#### 3.4.1 Tiltak som kommunedirektøren anbefaler

Anbefalte driftstiltak	2024	2025	2026	2027
FSS-01 - Reduksjon av 1 årsverk - politisk sekretariat (014)	-735 000	-735 000	-735 000	-735 000
FSS-02 - reduksjon i 60% stilling (078)	-217 000	0	0	0
FSS-03 - Retaksring - eiendomsskatt (105)	250 000	5 500 000	-1 750 000	-2 000 000
FSS-04 - Virksomhetskontroller 1 årsverk (131)	919 000	919 000	919 000	919 000
<b>SUM</b>	<b>217 000</b>	<b>5 684 000</b>	<b>-1 566 000</b>	<b>-1 816 000</b>

#### FSS-01 – Reduksjon av 1 årsverk – politisk sekretariat

Pr 1/5-23 ble det ledig en 100% konsulentstilling i Faglig Stab og støtt. Stillingen ble fryst ut året. En foreslår at denne stillingen utgår permanent.

#### FSS-02 – Reduksjon i 60% stilling

Det er signalisert at en vil få en 60 % stilling ledig fra og med 1/6-2024. Denne stillingen kan da settes vakant ut året. Dette vil medføre reduksjon i innkrevingsarbeidet, og en risiko for reduserte inntekter. I tillegg blir en ytterligere sårbar på regnskap/økonomi. Det vil i enkelte perioder kunne oppstå situasjoner der det ikke er ressurser til å utføre arbeid.

#### FSS-03 – Retaksring – eiendomsskatt

Sauda kommune retakserte eiendommene sist i 2013. Normalt skal en foreta retaskering hvert 10 år, men kommunen kan forskyve på dette i tre år eller foreta kontorjustering. Kommunedirektøren anbefaler at en starter et prosjekt i 2024, og at selve takseringen skjer i 2025. Det er ca. 3 700 objekter som skal takseres. Prosjektet gir økte utgifter i 2025, men det er forventet at det tjener seg inn over tre år.

### FSS-04 – Virksomhetskontroller 1 årsverk

Kommunedirektøren foreslår å styrke staben med et årsverk som virksomhetskontroller. Årsverket skal bistå kommunedirektøren med innføring og drift av nytt system for økonomioppfølging, virksomhetsrapportering og sammenkobling av overordnede planer og økonomiske styringsdokumenter.

## 3.4.2 Tiltak som kommunedirektøren anbefaler – sentrale finansieringer

Anbefalte driftstiltak	2024	2025	2026	2027
FIN-01 - Avsetning til disposisjonsfond - overskudd (143)	27 702 000	15 289 000	22 514 000	22 764 000
FIN-02 - reduksjon av kraftinntekter (140)	0	15 000 000	15 000 000	15 000 000
FIN-03 - Reduksjon i overføring til Sauda sokn (099)	-375 000	0	0	0
FIN-04 - Rekruttering - Adresse Sauda - 2024 (134)	400 000	0	0	0
<b>SUM</b>	<b>27 727 000</b>	<b>30 289 000</b>	<b>37 514 000</b>	<b>37 764 000</b>

### FIN-01 – Avsetning til disposisjonsfond - overskudd

Dette er en budsjettekniskjustering, og samtidig synliggjør tiltaket det budsjetterte mindreforbruk (overskudd) per år i økonomiplanperioden.

### FIN-02 – Reduksjons av kraftinntekter

Kommunedirektøren legger til grunn at salg av konsesjonskraft i 2025 – 2027 vil gi mindre inntekter enn hva tilfellet var for 2024. Det er skjønnsmessig satt av en reduksjon på 15 millioner kroner, noe som tilsvarer en reduksjon på rett i overkant av 14 prosent.

### FIN-03 – Reduksjon i overføring til Sauda sokn

Sauda sokn fikk tilført økte overføringer i 2023 pga. strømprisene. Prisene har ikke vært så høye som antatt, noe som gir et overskudd for 2023. Videre har Soknet et fond som kan tæres på. Det foreslås derfor en reduksjon i overføringen for 2024 sammenlignet med 2023.

### FIN-04 – Rekruttering – Adresse Sauda 2024

Adresse Sauda har vært et langsiktig prosjekt i Sauda, som ble revitalisert i 2023 med en egen sommerjobbmodul. Sauda kommune investerte betydelige ressurser i form av arbeidskraft i 2023, og hadde også et sommerjobbprosjekt i egen organisasjon og et i det kommunale foretaket. Tiltaket setter av midler til at Sauda kommune kan gjennomføre 1-2 tiltak i egen regi, samt at det er noe midler til fellestiltak i prosjektet.

## 4 Oppvekst

Oppvekst					
Kvinner			Menn		
129			20		
Antall årsverk	Heltid	Deltid	Antall årsverk	Heltid	Deltid
120,5	98	31	19,4	19	1
<b>Netto budsjetttramme 2024</b>			<b>NOK 107 322 800</b>		

### 4.1 Beskrivelse av tjenestene

Oppvekst består av tre kommunale barnehagar, tre barneskular og ein ungdomsskule, i tillegg til introduksjonsteneste og vaksenopplæring. Alle barneskulane har eit SFO-tilbod. I tillegg har vi eit rettleiings- og barnehagemyndansvar for den private barnehagen Brakamoen barnehage. PPT (pedagogisk psykologisk teneste) høyrer også med til oppvekst. Denne tenesta er organisert som eit interkommunalt samarbeid, der Suldal kommune er vertskommune. Totalt er det ca 900 barn, unge og vaksne som er brukarar av oppvekst sine tenester.

### 4.2 utfordringer for 2024

Danning og utdanning av unge menneske er eit likeverdig oppdrag for tilsetje i barnehagar og skular. I tillegg bidreg barnehagar og skular til sosial utjamning. God kvalitet i desse tenestetilboda kan dermed gjere ein skilnad i mange menneske sine liv. Krava til kvalitet i barnehage og skule er gitt gjennom dei nasjonale sektormåla. Heilt avgjerande faktorar for å utvikle kvalitet er at me har berekraft i form av kompetanse og kapasitet til å løyse utdanningsoppdraget. Nokre av utfordringane vi har på desse områda er:

#### Demografisk utvikling:

SSB sine prognosar viser at i perioden fram mot 2030, vil aldersgruppa 0-15 år bli redusert med 135 personar (Økonomiplan Sauda 2023-2026.) Fødselstalet for 2023 blir, i følgje jordmor, 28-32 barn. Fødselstalet dei fem siste åra er i snitt 39 barn. Desse låge tala kan gi ei utfordring med rekruttering av nok barn til alle barnehagane og barneskulane, med dei konsekvensar det kan ha for fagmiljø og kapasitet til å møte alle barn/unge sine ulike behov og rettar.

Sauda har fysisk plass til ca 60 fleire barn i dei fire barnehagane, enn det i snitt har vore behov for dei siste åra. Det er noko ulike krav til areal for barn under/over 3 år, så tal plassar vil variere med alderen på barna. I barneskulane er elevtalet ujamt fordelt mellom skulekretsane, noko som på skular med få elevar kan gi meir sårbare sosiale og faglege klasse miljø.

#### Korleis kan vi møte dette:

- Tilpasse behov for barnehageplassar ved å leggje ned ein barnehage.
- Fådele Risvoll skule, dvs. samle klassar med få elevar på tvers av årskull.
- Greie ut kva som vil vere den mest føremålstenelige skulestrukturen for framtida, med omsyn til å møte krava til kompetanse og kvalitet i opplæringstilbodet.



### Rekruttering av barnehagelærarar og grunnskulelærarar

Kompetanse er vurdert å vere den fremste faktoren for utvikling av kvalitet på barnehage- og skuletilbodet, og alle barn/unge har rett til eit tilbod gitt av kvalifiserte pedagogar/lærarar. For 2023-24 har vi 3 stillingar som pedagogar i barnehage, og 11 lærarar i grunnskulen, som ikkje innfrir dei nasjonale kompetansekrava. Rekruttering av pedagogar og lærarar er ei nasjonal og lokal utfordring, som også viser att i få søkjarar til lærarutdanningane ved høgskulane. I tillegg blir det innført ei ny opplæringslov for grunnskulen frå 01.08.24, som vil gi eit auka behov for kvalifiserte lærarar. Blant anna kjem det krav til forsvarleg vikarordning ved planlagt og forventa fråvære, krav til lærar- eller anna høgskuleutdanning for å gi individuelt tilrettelagt opplæring (tidlegare spesialundervisning), samt rett til å høyre til i eigen klasse om fleire enn 10 elevar vel anna målform på ungdomstrinnet.

#### Korleis kan vi møte dette:

- Tiltak for å rekruttere, kvalifisere og behalde lærarar i barnehage og skule. I tillegg sjå på samarbeid for å nytte den samla lærarkompetansen i Sauda til beste for alle barn/unge.
- Redusera tal klassar, noko som kan redusere rekrutteringsbehovet. Dette kan bli gjort ved fådeling, slå saman delte klassar, eller gjennomføra større strukturendringar i skulen.
- Redusere arbeidsbelastning ved å styrkje bemanningstettleiken gjennom dagen. Dette kan blant anna bli gjort ved å tilpasse opningstida i barnehage og SFO til det store fleirtalet av føresette sine behov. Kommunedirektøren vil koma tilbake med ei eiga sak om dette.

### Integrering av flyktningar i arbeid- og samfunnsliv

Sauda har buset 180 flyktningar i 2022 og 2023. (Det står att nokre busettingar i 2023.) Dei fleste er flyktningar frå Ukraina. I 2024 vil dei fleste av flyktningane vere ferdig med introduksjonsprogrammet, og dei vil ha behov for arbeid. Arbeid er gjerne nøkkelen til å finne ein stad i samfunnet for vaksne, til å bli inkludert. Me vel derfor å vere ambisiøse når det gjeld målsetting om å finne arbeid til flyktningar. Det er først og fremst viktig for menneskeverdet, men det er også god samfunnsøkonomi. Det er behov for å løfte fram att visjonen "heile Sauda buset flyktningar", for å lukkast i dette arbeidet. Målretta innsats via NAV og andre aktuelle aktørar er avgjerande, i tett dialog og samarbeid med arbeidsgjevarar i det offentlege og i privat næringsliv. Som samfunn treng vi også å finne gode og inkluderande møteplassar som treff unge vaksne flyktningar sine behov.

#### Korleis kan vi møte dette:

- Sikre kapasitet i NAV til å redusere/fjerne gapet mellom deltaking i introduksjonsordninga og arbeidsliv.
- Endre måten vi organiserer introduksjonstilbodet på, ved at flyktningane kombinerer norskopplæring og arbeid, framfor heiltids introduksjonsprogram.
- Auke den frivillige innsatsen retta mot inkludering og deltaking i samfunnsliv.
- Skape gode møteplassar for unge vaksne, på tvers av nasjonalitetar.

### 4.3 Mål for 2024

- Utarbeide ein plan for å rekruttere, kvalifisere og behalde lærarar i barnehage og skule.
- Minst 1/3 av flyktingane som er ferdig med introduksjonsprogrammet er sysselsett via ordinært arbeid, og/eller via ulike tiltak.
- Sjukefråvære: Oppvekst har samla eit sjukefråvære under 7,5 %.
- Økonomi: Oppvekst er innanfor tildelt ramme ved årsslutt 2024.

### 4.4 Tiltak

#### 4.4.1 Tiltak som kommunedirektøren anbefaler

Anbefalte driftstiltak	2024	2025	2026	2027
OPP-03 - Legge ned Rustå barnehage (049)	-517 000	-1 036 000	-1 036 000	-1 036 000
OPP-04 - Reduksjon merkantil i barneskolene med 40 % (050)	-368 000	-368 000	-368 000	-368 000
OPP-05 - Redusere omfang av svømmeopplæring (051)	-63 000	-140 000	-140 000	-140 000
OPP-06 - Kommunalt reglement for skoleskyss (052)	0	0	-125 000	-125 000
OPP-07 - Fådele Risvoll skule (053)	-451 000	-1 102 000	-1 102 000	-1 102 000
OPP-08 - Samle delte klasser, Austarheim skule (054)	-451 000	-1 102 000	-1 102 000	-1 102 000
OPP-09 - Samle språkdjelingsklasse, Fløgstad skule (055)	-63 000	-138 000	-138 000	-138 000
OPP-10 - Samle språkdjelingsklasser, ungdomstrinnet (056)	-355 000	-772 000	-772 000	-772 000
OPP-12 - Innføre mat- og turpenger i SFO (062)	-212 000	-212 000	-212 000	-212 000
OPP-16 - Sak om utredning av fremtidig skolestruktur (089)	350 000	0	0	0
<b>SUM</b>	<b>-2 130 000</b>	<b>-4 870 000</b>	<b>-4 995 000</b>	<b>-4 995 000</b>

#### OPP-03 – Legge ned Rustå barnehage

Rustå barnehage foreslås nedlagt fra nytt barnehageår, 15.08.24.

De fire barnehagene i Sauda har, basert på informasjon fra barnehagene, fysisk plass til 278 barn. (Veslefrikk barnehage 82 barn, Rustå barnehage 50 barn, Leabøen barnehage 50 barn og Brakamoen barnehage SA 96 barn.) De siste årene har det vært +/- 220 barn i barnehagene våre. SSB sine framskrivinger av folketall indikerer at Sauda fremover vil få færre barn.

Å legge ned en veldrevet barnehage som Rustå barnehage, som gir barn (og foresatte) et trygt og godt tilbud, er et krevende forslag. På den annen side kan vi risikere at en av barnehagene våre uansett vil streve med sin eksistens i årene fremover, fordi det ikke er nok barn til å forsvare fire barnehager i Sauda kommune. Vi er kjent med at Brakamoen barnehage SA har gjort omfattende tilpassinger til en nedskalert drift i 2023, og redusert bemanningen med sju ansatte.

Forslaget gir noen utfordringer med driftsform, fordi Brakamoen barnehage er en privat, foreldredrevet, barnehage. Ansatte i Rustå barnehage er kommunalt ansatte. Det er flere avklaringer som må bli gjort i dialog og samarbeid med styret i Brakamoen barnehage SA, om tiltaket skal gjennomføres.

Innsparingen er knyttet til reduksjon av en styrerstilling og sparte strømutfgifter. Rustå barnehage sine utgifter til strøm, renhold og vedlikehold er cirka 700.000 kr årlig. Det vil ikke være mulig å opphøre alle disse utgifter. Det stipuleres derfor en reduksjon på 100.000 kr årlig i strømutfgifter.

Det er vurdert å være et forsiktig anslag for innsparing. En mer samlokalisert drift av barnehagene, kan gi bedre utnyttelse av bemanning.

#### OPP-04 – Reduksjon merkantil i barneskolene med 40 %

Grunnet naturlig avgang står skolene i en situasjon der merkantil blir redusert med 40 % fra 01.01.24. Det er vurdert mulig å løse de merkantile oppgavene uten å erstatte denne stillingen, gjennom å se på en ny oppgavefordeling mellom merkantil og ledelsen ved skolene. Forslaget innebærer at barneskolene får en felles merkantil i 70 % stilling.

Merkantil har de samme oppgavene ved alle barneskolene. Å se disse sammen kan gjøre driften mer effektiv. Det kan naturlig bli sårbart at det kun er en person som har kompetanse på de ulike områdene.

#### OPP-05 – Redusere omfanget av svømmeopplæring

Det er vurdert at skolene kan redusere omfang av svømmeopplæring fra 38 til 15 uker, og fremdeles sikre at elevene når kompetansemålene innen fagområdet.

Svømmeferdigheter er en del av kroppsøvfingsfaget. I Sauda har det vært tradisjon at alle elevene får noe svømmeopplæring hvert skoleår. Det gjør at vi bruker relativt mange undervisningstimer på et av emnene som inngår i kroppsøvfingsfaget. Ved å legge opplæringen til færre klassetrinn, kan elevene få en mer intensiv og målrettet opplæring.

Av sikkerhetsgrunner må det følge med flere ansatte til svømmeopplæring, enn det skolene gjerne bruker i andre deler av kroppsøvfingsfaget.

Det ligger ingen innsparing i lønnsutgifter i dette tiltaket, men det frigjør lærertimer som kan brukes til styrket opplæring i andre fag/områder, der elever har behov for dette. Det er viktig å se på hvordan vi bruker lærerressursene våre, sett sammen med andre tiltak som vil kunne redusere antall lærere i skolene.

Innsparingene i dette tiltaket er knyttet til skyss (buss) til og fra Saudahallen fra Risvoll skule og Austarheim skule.

#### OPP-06 – Kommunalt reglement for skoleskyss

Det er behov for å lage et nytt og oppdatert kommunalt reglement for skoleskyss i Sauda kommune. Det antas at det kan ligge et potensiale for innsparing ved å se på hvordan skyss organiseres i dag. Det er behov for en mer grundig utredning, og komme tilbake med en sak om dette.

Administrasjonen legger derfor inn tiltaket med mål om konkret innsparing i 2026 og 2027.

#### OPP-07 – Fådele Risvoll skule

Risvoll skule er i dag en fulldelt skole, dvs. et klassetrinn for hvert årskull. Ved å fådele skolen, samler en flere årskull i samme klasse. Basert på tallene vi har i dag, vil Risvoll skule ha 82 elever fra 01.08.24. Ved å redusere antall klasser fra 7 til 5, vil antall lærere kunne reduseres med to.

Det vil være behov for å se på en fordeling av midler til tidlig innsats og tilpasset opplæring mellom skolene, som sikrer at Risvoll skule får dekket et behov for noe deling i basisfag som



norsk, matematikk og engelsk i de sammenslåtte klassene. Dermed er det ikke endelig at begge årsverk forsvinner fra Risvoll skule, men noe fordeles også på de andre skolene.

#### OPP-08 – Samle delte klasser, Austarheim skule

Austarheim skule har i dag 9 klasser, der dagens 3.klasse og 6.klasse er delt. Det er 31 elever i 3.klasse, noe som i dag gir klasser på 15 og 16 elever. Det er 29 elever i 6.klasse, noe som gir klasser på 14 og 15 elever. Ved å samle årskullene på hvert av disse trinn, kan det gi en innsparing på to lærerårsverk.

Det er ikke sikkert begge årsverk kommer som en innsparing kun ved Austarheim skule, fordi det vil være nødvendig å sikre lærerressurser for å styrke opplæringen og gi muligheter for gruppedeling. Skulle det komme flere elever i klassene, må lærerressursene tilpasses økningen.

Ved å samle hvert årskull kan en i den praktiske hverdag lettere organisere styrkingstiltak sammen.

Austarheim skule har klasserom med plass til så mange elever. Det vil kunne gi utfordringer med fysisk plass om det skulle komme veldig mange nye elever på disse årskullene.

#### OPP-09 – Samle språkdellingsklasse, Fløgstad skule

Fløgstad skule har i dag et årskull hvor flere enn 10 foresatte har valgt bokmål som målform i opplæringen. Da stiller opplæringsloven krav om at det skal opprettes egen klasse.

Per i dag er årskullet på 24 elever delt i alle fag. Opplæringsloven åpner for at elevene kan få opplæringen sammen med de andre elevene i kullet, om det ikke bryter med formålet med egen elevgruppe etter skriftspråk. Det vurderes at en sammenslåing kan gjennomføres for 25 % av opplæringstilbudet.

#### OPP-10 – Samle språkdellingsklasser, ungdomstrinnet

Sauda ungdomsskule har i dag 9 klasser. Sauda kommune har hatt tradisjon for å dele årskull i 3 klasser, når kullet har vært over 60 elever. Ny opplæringslov fra 01.08.24, gir elevene rett til å høre til en egen klasse også på ungdomstrinnet, om flere enn 10 elever har valgt bokmål. Flere elever velger å gå over til bokmål på ungdomstrinnet, det vil gjøre det vanskelig å samle delte klasser.

Det vil være mulig å samle delte språkklasser på hvert årskull i ca 1/3 av tiden, og totalt spare inn 1,4 årsverk.

#### OPP-12 – Innføre mat- og turpenger i SFO

I vedtekter for SFO står det at vi kan innføre mat- og turpenger. Gratisprinsippet som gjelder for skole, gjelder ikke for SFO. Nå som SFO er gratis for de fleste av brukerne, vurderer vi det som forsvarlig å innføre mat- og turpenger i SFO fra 01.01.24. Satsene skal være til selvkost, dvs. dekke måltider/mat barna får i SFO, og turaktiviteter de deltar på. Det vil gi et større handlingsrom til å kunne tilby aktiviteter og tilbud for barna i SFO.

En foreldrebetaling på 150 kr pr mnd i mat- og turpenger vil styrke inntektene til SFO, og skolene sitt driftsbudsjett kan i større grad gå til opplæringsaktiviteter. Det må beregnes tur- og matpenger også for de som kjøper ferieplass.

#### OPP-16 – Sak om utredning av fremtidig skolestruktur

Dette tiltaket handler om å utarbeide et prosjektmandat for utredning av fremtidig skolestruktur. Forslag til prosjektmandat blir lagt frem som sak til godkjenning for kommunestyret.

Basert på SSB sine framskrivninger av folketall, utfordringer med rekruttering av lærerkompetanse, avdekkede forbedringsområder i dagens skoletilbud, samt den økonomiske situasjonen til kommunen, mener administrasjonen det er behov for å gjøre en mer grundig analyse og vurdering av hvordan vi i fremtiden bør organisere skoletilbudet i Sauda. Det kan være en forbedring av dagens struktur, eller vurdere om det finnes en mer formålstjenlige struktur, for å sikre barna det beste skoletilbudet.

Oppdraget til skole er styrt av de nasjonale sektormålene, som handler om at vi hver dag skal gi alle barn og unge faglig og sosial mestring i et inkluderende fellesskap. Det oppdraget må være førende for saken.

For å få en god sak, er det viktig å få til en god involvering allerede i planleggingsfasen. Dette tiltaket er derfor et forslag om å først legge frem en sak til politisk behandling, som beskriver hvordan en god prosess om utredning av skolestruktur kan være.

Det vurderes at en slik sak kan bli klar til behandling i første del av 2024.

Om det bli vedtatt å gå videre med en sak om utredning av skolestruktur, vil det være behov for å knytte til oss ekstern kompetanse for å gjennomføre deler av analysearbeidet, og som proseshjelp i utredningsarbeidet. Det stipuleres en kostnad på 350.000 kr for ekstern hjelp.

En sak om fremtidig skolestruktur kan tidligst presenteres ved framlegg av budsjett for 2025.

#### 4.4.2 Tiltak som kommunedirektøren har vurdert, men ikke anbefalt

Tiltak som er vurdert, men ikke anbefalt	2024	2025	2026	2027
OPP-01 - Redusere åpningstid i barnehage (047)	-6 000	-6 000	-6 000	-6 000
OPP-02 - Sommerstengt barnehage i juli (048)	-245 000	-245 000	-245 000	-245 000
OPP-11 - Redusere åpningstid i SFO (060)	-8 000	-8 000	-8 000	-8 000
OPP-13 - Øke budsjett til lekeutstyr i barnehagene (141)	90 000	90 000	90 000	90 000
OPP-14 - Øke budsjett til innkjøp av lærebøker i skolene (135)	255 000	255 000	255 000	255 000
OPP-15 - Innføre ambulerende team (034)	478 000	1 042 000	1 042 000	1 042 000
<b>SUM</b>	<b>564 000</b>	<b>1 128 000</b>	<b>1 128 000</b>	<b>1 128 000</b>

#### OPP-01 – Redusere åpningstid i barnehage

Åpningstiden i de kommunale barnehagene foreslås redusert med 15 minutter hver dag, med stengt klokken 16.00. Det er i snitt 0-3 barn i hver barnehage som bruker tilbudet mellom klokken 16.00 og 16.15.

Tiltaket vil kun gi en liten innsparing til reduserte vikarutgifter, men det vil sikre en bedre voksentetthet gjennom dagen. 15 minutter ekstra hver dag med bedre voksentetthet kan utgjøre en forskjell for både barns utvikling, og de ansatte sin arbeidssituasjon. Barnehagene har



gjort kartlegginger som viser at bemanningsnormen er en realitet kun 2-3 timer per dag, grunnet mange aktiviteter som skal gjennomføres samtidig med at barna får sitt tilbud. Blant annet planleggingstid for pedagoger.

Tiltaket har en svært liten økonomisk effekt, men kan ha en stor gevinst. Tiltaket krever at vedtektene for barnehagene i Sauda blir endret, og kommunedirektøren vil derfor presentere egen sak i 2024 knyttet til dette. Tiltaket er derfor ikke innarbeidet i budsjettet.

#### OPP-02 – Sommerstengt barnehage i juli

Tiltak #05 i PWC-rapport. Redusere fra 12 måneder til 11 måneders drift av barnehagene, og stenge helt i juli måned. Ved å stenge i juli måned, får de ansatte avviklet fellesferie disse ukene, og behovet for vikarer blir redusert.

Det kan bli krevende for drift av lokalt næringsliv og andre kommunale tjenester om ansatte må ta ut ferie i juli for å være sammen med barna sine. Det kan også i større grad føre til at familier må ta ut delt ferie. PWC rapporten anslo innsparingen til 600.000 kr. Med vikar og sparte strøm- og vedlikeholdsutgifter vurderes det som at 350.000 kr er et mer realistisk innsparingsnivå.

Det vil være behov for å endre vedtektene for barnehagene i Sauda, ved innføring av tiltaket. Kommunedirektøren anbefaler ikke tiltaket, og planlegger ikke å belyse det i sak om endring av vedtekter.

#### OPP-11 – Redusere åpningstid i SFO

I dag er SFO et tilbud mellom klokken 07:00 – 16:00. Basert på bruken av oppholdstiden i SFO, etter innføring av gratis SFO 12 timer i uken for 1. og 2.klasse, har det vært sett på å endre åpningstiden til klokken 07.30 - 15.30.

Tiltaket gir ikke en betydelig innsparing her- og nå, men vil forenkle organisering og gjennomføring av SFO-tilbudet, og sikre flest ansatte på jobb når det er flest barn. Det vil kunne redusere vikarutgifter noe.

Tiltaket krever at vedtektene for SFO i Sauda blir endret, og kommunedirektøren vil derfor presentere egen sak i 2024 knyttet til dette. Tiltaket er derfor ikke innarbeidet i budsjettet.

#### OPP-13 – Øke budsjett til lekeutstyr i barnehagene

Barnehagene har svært små driftsbudsjetter. Til leke- og aktivitetsutstyr har de to minste barnehagene rundt 42.000 kr pr år, og den største barnehagen 75.000 kr år.

Leken er den viktigste arena for barns utvikling, og for sosial og språklig samhandling. Det er viktig at barnehagene har midler til å kunne investere i og oppdatere, lekeutstyr- og materiell som gir varierte, inspirerende og inkluderende lekemiljø.

Tiltaket foreslår en økning av budsjett til lekeutstyr i barnehagene med 30.000 kr pr barnehage. Kommunedirektøren har i budsjettet i liten grad lagt inn vedvarende kostnadsøkninger, og tiltaket er av en slik karakter. Tiltaket er derfor ikke anbefalt.

#### OPP-14 – Økte budsjett til innkjøp av lærebøker i skolene

Med innføring av ny læreplan i 2020, har skolene behov for å oppdatere lærebøkene.

Skolene i Sauda har et budsjett på 800 - 900 kr pr elev til innkjøp av lærebøker, digitale og fysiske. Snitt for landet er et budsjett på 1300 kr til lærebøker per elev, i den ordinære driften.

Mange kommuner gjorde et større løft for fornying av lærebøker ved innføring av LK 20 (ny læreplan.) Sauda kommune har ikke gjennomført en slik større oppgradering, og har planlagt å bruke tid på utbyggingen.

Tiltaket vil akselerere utbygging av lærebøker, og legge opp til at Sauda kommune fremover har et lærebok-budsjett på landsnivå. Kommunedirektøren har i budsjettet i liten grad lagt inn vedvarende kostnadsøkninger, og tiltaket er av en slik karakter. Tiltaket er derfor ikke anbefalt.

#### OPP-15 – Innføre ambulerende team

I rammesaken ba kommunestyret om en vurdering av hvorvidt Sauda kommune skulle innføre et ambulerende team. Teamet skulle se bemannes med ressurspersoner som har fagkompetanse innen spesialpedagogikk, psykologi, helsesykepleier ol. for å styrke oppfølging av enkeltsaker/krevende saker i skole og barnehage. Kommunedirektøren viser til kap. 0 for nærmere utredning av saken. Kommunedirektøren anbefaler ikke tiltaket.

## 5 Helse og velferd

Helse og velferd					
Kvinner			Menn		
245			20		
Antall årsverk	Heltid	Deltid	Antall årsverk	Heltid	Deltid
206,3	124	121	16,9	12	8
<b>Netto budsjetttramme 2024</b>			<b>NOK 213 482 860</b>		

### 5.1 Beskrivelse av tenestene

Helse og velferd består av åtte einingar og yt tenester innan pleie og omsorg, helse, barnevern og sosial- området. I tillegg kjem stabsfunksjonar knytt til Tildelingskontor, arbeidsplan, velferdsteknologi og kommunen si Koordinerande eining. Tilbodet gjeld alle aldersgrupper; barn, unge, vaksne og eldre, både dei som bur i Sauda og dei som oppheld seg her.

Nokre fakta: Årsverk: 212. Tilsette: 255. Kvinner: 235. Menn: 21. Turnover: 8,2%. Heiltidsandel: 51%. Gjennomsnittleg stillingsstørrelse: 82,8%. 64 tilsette er > 55 år = 25%. (Kjelde: BI, 10.10.23.)

Sauda kommune er vertskommune for Indre Ryfylke barnevern, eit interkommunal samarbeid med Suldal kommune. Sosialtenesta inngår i partnerskapet som Sauda kommune har med NAV, og sorterer under Helse og velferd v/NAV Sauda.

### 5.2 utfordringar for 2024

#### Den demografiske utviklinga:

Det blir svært utfordrande å levere tenester etter dagens kvalitet og omfang. Det er fleire unge enn eldre som mottar pleie og omsorgstenester i Sauda. I dag utgjer aldersgruppa over 80 år snaut 43% av brukarmassen til heimebaserte tenester. Heile 57% er under 80 år, fordelt med 38% frå 0-66 år, og 19% frå 66-79 år. Yngre tenestemottakarar mottar tenester over lenger tid, og vekst i aldersgruppa over 80 år kjem derfor på toppen av den allereie store gruppa under 66 år. Presset og veksten i tenestene vil derfor auke i åra som kjem.

I Figur 4 - netto driftsresultat i % syner me at måtalet vert nådd kvart år i økonomiplanperioden.




FIGUR 4 - NETTO DRIFTSRESULTAT I %

#### 7.3.2 Måltal 2: Netto lånegjeld skal ikkje overstiga 80% av brutto driftsinntekter


Høg gjeldsgrad gir høge utgifter til renter og avdrag og vil redusera kommunen sitt handlingsrom (drift). Gjeldsgrada kan sjås på som økonomisk berekraft over 20-40 år fram i tid.

Lånegjelda gir kommunen rente- og avdragsutgifter. I figuren er lånegjelda for VAR (Vann, Avløp, Renovasjon)-området og renteeksponert gjeld vist. Det er renteeksponert gjeld som belastar driftsbudsjettet til kommunen. Med framlagt investeringsplan vil renteeksponert gjeld ligge stabilt gjennom perioden. Lån på VAR-området vil auka gjennom perioden, grunna behov for større investeringar. Dette er sjølvkostområde og blir belasta brukarane gjennom gebyra.



FIGUR 5 LÅNEGJELD FORDELT PÅ VAR-OMRÅDE OG ØVRIGE LÅN

I Figur 5 syner med reel gjeld i kroner og øre. I Figur 6 syner me at me ligg under måлтаlet i alle åra i økonomiplanperioden. Kommunedirektøren plikter då å gjere merksemd på at om ikkje investeringsplanen blir revidert, vil gjeldsgraden i 2027 ha passert 130 %.



FIGUR 6 - NETTO GJELDSGRAD


### 7.3.3 Måltal 3: Disposisjonsfondet bør utgjera minimum 10% av brutto driftsinntekter

Disposisjonsfondet er kommunen sin viktigaste buffer for unngå uforutsette negative utslag i økonomien (for eksempel uforutsett auke i rentenivå eller nedgang i skatteinntekter) skal få umiddelbar effekt på tenestetilbodet.

Disposisjonsfondet består av to hovuddeler. Den fyrste delen er det me kan kalla «penger på bok» og er reelle midlar kommunen har disponibelt på bankkonto eller i andre plasseringar. Den andre delen er rekneskapsteknisk plassering av framtidige forpliktingar til pensjon. Desse er

Disposisjonsfondet får ein auke kvart år gjennom økonomiplanperioden, og i 2025 vil me som Figur 7 syner oppfylle måltalet. Likviditeten vil dei første åra vere pressa på grunn av svært svak likviditet ved inngangen til 2023, men om kommunen leverer mindreforbruk (overskot) kvart år vil den naturleg nok betrast.

Samla sett vil økonomiplanperioden gjere kommunen betre i stand til å finansiera drifts- eller investeringsutgifter. For dei som er interessert i kroner og øre finn ein dette i Tabell 2.




**FIGUR 7 - DISPOSISJONSFOND I % AV BRUTTO DRIFTSINTEKTER**

Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter							
År	Sum driftsinnt.	256080770	Disp.fond	256080800	256080805	Total samla disp.fond NOK	Samla dips.fond %
		Disp.fond NOK	256080770 %	Fond avsetning Premieavvik	Kurs og rente reg.fond		
<b>Budsjett prognose</b>							
2023	-719903398	-61 199 010	8,50	-89 995 551	-4 808 494	-156 003 055	21,67
2024	-751416050	-88 900 092	11,83	-97 095 551	-4 808 494	-190 804 137	25,39
2025	-735691800	-104 188 578	14,16	-104 195 551	-4 808 494	-213 192 623	28,98
2026	-737691800	-126 702 064	17,18	-111 295 551	-4 808 494	-242 806 109	32,91
2027	-737691800	-149 465 550	20,26	-118 395 551	-4 808 494	-272 669 595	36,96

TABELL 2 - FORDELING AV DISPOSISJONSFONDET (2023 BASERT PÅ TERTIALRAPPORTEN)

## 7.4 Befolkningsutvikling og demografi

Kommunedirektøren syner til budsjettforslaget for 2023 kor det vart gjort ein omfattande analyse av demografien, og befolkningsutviklinga for Sauda kommune. Det er i hovudsak ikkje grunn til å revidere den utgreinga. Folketalet i Sauda har gått jamt ned sidan 1962, og det forventast å fortsette. Folketalsnedgangen er den største utfordringa Sauda kommune står ovanfor.



FIGUR 8 - ANTALL INNBYGGERE I SAUDA (2000 - 2050)

KJELDE: REGIONAL ANALYSE FOR SAUDA, TELEMARFSORSKNING

## 7.5 Omstilling 2025

Sauda kommune fekk i 2021 levert ein «Økonomisk analyse av kommunens tjenesteleveranse» frå PwC. Rapporten har vore lagt til grunn for arbeidet med «Omstilling 2025» og identifiserte ein tiltak med ein mogleg innsparing på 67,3 millionar kroner. I budsjettet for 2022 var det lagt inn tiltak med ein økonomisk effekt frå PwC-tiltak på ca 9,5 millionar kroner.

Kommunedirektøren gav i desember 2022 melding om at desse tiltaka ikkje var realisert.

Samstundes har kommunestyret satt som mål at samla effekt av tiltaka i rapporten skal vere på 35 millionar kroner innan 2025.

Våren 2023 gjennomførte Sauda kommune «Sauda i balanse 2023» kor kommunestyret vedtok innsparingar på over 17 millionar kroner i 2023. I dette budsjettforslaget ligg det inne konkrete reduksjonar på 19,2 millionar kroner i 2024, med fullårseffekt på over 25 millionar kroner i 2025 – 2027. Dette er samla sett reduksjonar som overgår det innsparingsmål som kommunestyret hadde satt seg for «Omstilling 2025».

Kommunedirektøren er av den oppfatning at prosjektet bør avsluttast som eige prosjekt ved årskiftet. Dette av fleire grunner. For det fyrste vil målet med prosjektet vere nådd om budsjett 2024 har omtrent same økonomiske rammer som kommunedirektøren sitt forslag. For det andre byrjar det å bli ein god stund sidan rapporten vart produsert, og både verda og Sauda kommune ser annleis ut nå enn då. Likevel er den viktigaste grunnen slik kommunedirektøren ser det, at det er viktigare at Sauda kommune i 2024 har merksemda retta på gjennomføringa av dei konkrete reduksjonane som ligg i budsjettet, enn å skulle rapportere på tiltak som ikkje er iverksett. Rapporten frå PwC vil framleis vere eit særst nyttig reiskap som kjelde til kunnskap og inspirasjon for vidare omstillingsarbeid.


Tiltak som er i gang skal vidareførast, og kommunedirektøren vil inkorporere disse i tertialrapportane.

## 8 Organisering og arbeidsgivarstrategi

### 8.1 Tilsette i Sauda kommune

Sauda kommune					
Kvinner			Menn		
431			88		
Antall årsverk	Heltid	Deltid	Antall årsverk	Heltid	Deltid
375,6	257	174	76	69	19
<b>Årsverk totalt:</b>					
451,6					

### 8.2 Administrativ organisering




Strategisk ledergruppe består av kommunedirektør, organisasjons- og personalsjef og økonomisjef (fagleg stab og støtte), kommunalsjef for helse og velferd, kommunalsjef for oppvekst og kommunalsjef for næring og samfunn. For budsjett 2023 er kultur flyttet frå Oppvekst til Næring og samfunn.

Kommunestyret sitt budsjettvedtak tildeler rammer på områda som er vist i organisasjonskartet.

### 8.3 Heiltidskultur


Sauda kommune skal ha ein heiltidskultur ved at minst 50% av alle tilsette har full stilling. Dette er i tråd med kommunestyrevedtak i 2017 og hovudtariffavtalen (2022), som legg til grunn at det som hovudregel skal tilsettast i heiltidsstilling og at det skal utarbeidast retningslinjer med formål om å auke antal på heiltid. Sauda kommune er langt framme i dette arbeidet, men me må arbeide for å ta ut fleire målbare vinstar av heiltidsarbeidet.



Utvikling i antall % heltid perioden 2014 - 2023

Forsking viser at ein heiltidskultur vil gi auka kvalitet for brukarane og færre tilsette pr. brukar/elev, samt lågare sjukefråvær. Fleire tilsette i 100% stilling gir og mindre belastning for tilsette, sterkare fagmiljø og kommunen blir ein attraktiv arbeidsgivar. Heiltidskultur er avgjerande for å sikre kvalitet og kompetanse innanfor stramme rammer og for å sikre tilstrekkeleg med tilgang på ressursar i framtida.

### 8.4 Sjukefråvær og nærvær på arbeidsplassen



Utvikling i totalt sjukefravær pr 23.10.23, for Sauda kommune for 2022 (grønn) og 2023 (blå)

Totalt var fråvær i Sauda kommune på 8,15% oktober 2023. Det fordeler seg med 7,23% legemeldt og 1,14% eigenmeldt fråvær.

Tal frå 2023 viser eit noko høgare sjukefråvær samanlikna med i 2022 (7,76 %). Til tross for noko høgare sjukefråvær ser me at Sauda kommune ligg lågare på legemeldt sjukefråvær i 2. kvartal (7%) samanlikna med kommunane på landsbasis (7,7%).

Kvar enkelt medarbeidar i Sauda er tilsett fordi dei betyr noko. Kvar enkelt er avgjerande for at me leverer dei tenestene me skal til Saudabuen. Nærvær er ein forutsetning for gode tenester. Sauda kommune har heiltid og tett oppfølging av tilsette som hovudstrategi. Her ser me at arbeidet saman med NAV arbeidslivsenter og partane i arbeidslivet har gitt oss ny kunnskap, som me vil iverksette i rutinar og praksis i organisasjonen.

Oppfølging av sjukefråvær er krevjande. Det føresett kontinuerleg oppfølging av dei faktorane me kan påverka. Samtidig er det ein del faktorar som me ikkje kan påverka.

## 8.5 Lærlingar

Sauda kommune har per. i dag 12 lærlingar; 10 innan helsefag og 2 innan barne- og ungdomsarbeidarfaget. I tillegg til dette samarbeider Sauda kommune i enkelte tilfelle med Sauda vidaregåande skule og Brakamoen barnehage for at lærlingane skal oppnå samtlige læreplanmål.

## 8.6 Kompetanseutvikling

Sauda kommunes viktigaste ressurs er dei tilsette. Motiverte tilsette med rett kompetanse er avgjerande for å drive god tenesteyting og utvikling av tenestene. Arbeidsplassen blir brukt som læringsarena for å fremme individuell og kollektiv kompetanseutvikling.

Hausten 2022 starta distriktsvennleg sjukepleiarutdanning, som eit direkte resultat av samarbeidsprosjektet MOR i regi av Ryfylke IKS. Arbeidsgivar Sauda kommune har tre tilsette som deltar i utdanning, og det er totalt fem deltakarar som er heimehøyrande i Sauda kommune.

PWC-rapporten har peikt på at det er avgjerande å gjere leiarar i stand til å gjennomføre, leie og skape motivasjon for endring i organisasjonen. Det er i perioden 2023 – 2026 satt av midlar til å gjennomføre leiarutviklingsprogram internt i organisasjonen, der og hovudtillitsvalte (HTV) blir invitert med. Prosjektet er pågåande, og vert fortløpande evaluert.

## 9 Oppfølging av kommuneplanen

I kommuneplanens samfunnsdel er det peika ut fem temaområder som skal ha merksemd og som skal tilførast ressursar i planperioden. For å kunne følgje opp satsingsområda vil det vera viktig å kople dei opp mot økonomiplanen.

FN sine berekraftsmål skal bli lagt til grunn i all kommunal verksemd. Kommuneplanens samfunnsdel prioriterer og omset FN sine berekraftsmål til lokale forhold for å sikre ein sosial, økonomisk og miljømessig berekraftig utvikling.



Oversikt over dei fem temaområda i kommuneplan og koping mot FNs berekraftsmål

### 9.1 Innovasjon, samarbeid, samskaping

I følgje SSB sine befolkningsframskrivingar skal talet på 67+ stiga med 20% fram mot 2035. Samtidig vil delen av folk i arbeidsfør alder synka. Dette betyr at dei kommunale tenestene ikkje kan vera på same nivå eller på same måte som i dag. Det blir svært viktig å leggja til rette for at dei fleste i denne aldersgruppa skal klare seg sjølve så lenge dei kan, og leva gode liv i eigne heimar. Men behovet for omsorgstenester vil auke, og alle som treng det skal få eit godt tilbod. For å klare dette må me lukkast med mellom anna følgjande:

- Me må få nok folk med rett kompetanse til å jobbe i Sauda
- Me må ta i bruk verktøy som gir auka effektivitet og kvalitet
- Me må skapa arbeidsformer der kommune, næringsliv, lag, foreiningar og enkeltpersonar saman sikrar gode løysingar

Tiltak planlagt i perioden:

- Inngå samarbeidsavtale med lag og organisasjonar for å oppnå auka samskaping
- Gjennom RITS og DigiRogaland ta i bruk digitalisering for å auka kvalitet og effektivitet i kommunal tenesteyting
- Støtte opp om etablering av eit utdanningscenter i indre Ryfylke som sikrar at ein kan gjennomføra utdanning der ein bur
- Gjera forsøk med ulike tiltak som kan stimulera arbeidet med entreprenørskap og innovasjon i barnehage og skule, også i samarbeid med lokalt næringsliv

## 9.2 Verdiskaping og næring

Sauda kommune skal vera ein pådrivar for utvikling – ein næringsaktiv kommune- Det er i verksemdene at arbeidsplassutviklinga skjer, men kommunen skal vera ein aktiv partner for næringslivet i utviklingsarbeidet.

Strategisk næringsplan skal gi retning for arbeidet med næringsutviklinga i Sauda, og bør oppdaterast. Ansvar for arbeid med å fremje forslag til kommunestyret ligg til Sauda næringsutvikling KF. Det kommunale føretaket er etablert for å vera utøvar av kommunen sin næringspolitikk. Dagleg leiar vert tilsett i løpet av 2024.

Sauda har eit komparativt fortrinn som eit sterkt energiknutepunkt kor ein kan ta ut store mengder grøn energi. Etablering av produksjon av grøn ammoniakk er eit resultat av dette fortrinnet. Sauda kommune skal vera ein aktiv medspelar for dette og andre næringsinitiativ. Sauda har ei veksande besøksnæring med arkitektur, skisenter og ein særprega kombinasjon av fjord og fjell tett på bysenteret. Sauda kommune er ein viktig partner i arbeidet med områdeplan og etablering av gondol i Svandalen.

Samferdsel er sett på som ein av tre pilarar for å skapa robuste lokalsamfunn. Sauda har ein avstandsutfordring og er difor rekna som eit eige bu- og arbeidsmarknad. Saudatunnelen vil redusera avstandskostnadene våre. I tida framover må me styrke arbeide me alliansepartnerar, og også sjå på om prosjektet skal få eit meir klingande namn. Arbeidet med prosjektet er organisert og finansiert gjennom næringsutviklingselskapet. Utvikling av store samferdselprosjekt er langsiktig arbeid, og det må bli jobba heilskapleg med å bygga alliansar, koma inn i planverket og snakka med ei stemme utad.

Tiltak planlagt i perioden:

- Sauda kommune skal ha ei tydeleg rolle som samfunns- og næringsutviklingsaktør. Strategisk næringsplan skal leggja føringar, strategiar og mål for næringsutvikling i Sauda
- Fortsetja arbeidet med vegutløyising mot E134, både politisk og administrativt.
- Kommunen skal vera ein partner i offentleg/private/ideelle samarbeid for å realisera utviklingsprosjekt
- Legge til rette for at lokale verksemdar kan dra nytte av EU-prosjekt gjennom vårt medlemskap i Stavangerregionens Europakontor.
- Legge til rette for ulike typar næringsareal, og profilere desse
- Vidareutvikla Sauda Energi som ein tilretteleggjar for nytt næringsliv basert på sirkulære energistraumar

### 9.3 Leve i Sauda

Sauda skal vera eit trygt samfunn. Våre barn og unge er vår viktigaste ressurs for framtida. Me skal ha barnehagar som fremmar språkleg utvikling, læring og gir brei sosial erfaring. Skulane våre skal gi utdanning og kompetanse, samt vera eit godt utgangspunkt for livslang læring, samfunnsdeltaking og læring. Gjennom opplæring i heimen, nærmiljøet, barnehagen og skulen, skal barn og unge utvikle seg til trygge og samarbeidande menneske.

Tidleg og tverrfagleg innsats handlar om å gje alle barn og unge hjelp når behovet oppstår og at den blir opplevd heilskapleg. Forsking støttar opp om betydinga av tidleg hjelp for å førebyggje helse- og sosiale vanskar.

Sauda skal vera eit aldersvennleg samfunn. Me skal bidra til fleire gode leveår der eldre opprettheld god helse lenger, opplever at de har god livskvalitet, og at dei i større grad meistrar eige liv, samtidig som dei får den hjelpa dei treng når dei har behov for det.

Det er store årskull som blir pensjonistar i åra framover. Mange pensjonistar har stor arbeidsevne- og lyst. Det ligger ei stor kraft i frivillig arbeid. Her er me flinke i Sauda og kommunen vil forsterke sitt samarbeid med frivilligheita.

Tiltak planlagt i perioden:

- Utvikla og driva førebyggjande helsetenester gjennom eit attraktivt frisklivstilbod, helsestasjon og skulehelseteneste
- Prioritera tidleg innsats retta mot barn og unge:
- Bidra til at flest mogleg innbyggjarar skal kunne bu i eigen heim, lengst mogleg
  - Samarbeida med aktørar som ønskjer å tilby aldersvennlege bustadkonsept

### 9.4 Energi, klima og miljø

Verda står i ein alvorleg situasjon med ei klima- og naturkrise og kommunane er forventa å vektlegge arbeidet med klimagassreduksjon, meir effektiv energibruk og miljøvennleg energiomlegging. Samtidig må me jobba med klimatilpassing for å bli eit meir robust samfunn i møte med klimaendringane. Saudas klima- og energiplan skal reviderast, og denne vil bli eit viktig styringsverktøy for dette arbeidet dei neste åra. Planen skal sikra Saudas bidrag til å nå nasjonale og internasjonale klimamål.

Saudas kommuneplan har fokus på kortreist energi, strategisk arealbruk, fortetting, grønn kraft, transport, arealbruk og endring i livsstil. Sauda er godt egna for å oppnå høge gang- og sykkelandelar på kvardagsreiser og sykkelsatsinga skal vidareførast. Tilrettelegging for bustader i og nær sentrum vil bidra til redusert transportbehov og meir liv i sentrum. Kommunen skal gå føre med eit godt eksempel og satsa på fornybar energi i eigne bygg, grønne produktval, ressursparing og funksjonsdeling. Me skal gi innbyggjarar og private tiltakshavarar informasjon om miljø- og klimavennlege val. Me skal ha fokus på fortetting og gjenbruk av utbygd areal. Samtidig skal me leggje til rette for auka verdiskaping med etablering av grønn industri og sirkulærøkonomi med utnytting av overskotsressursar som spillvarme frå Eramet.

Tiltak planlagt i perioden:

- Utarbeide ny klima- og energiplan
- Arbeide vidare med Syklende Sauda
- Gjennomføra tiltak for betre tilrettelegging for gåande og syklende i Åbødalsvegen
- Innføring av energieffektiviseringstiltak
- Legga til rette for vidare utvikling og bruk av overskotsenergi og spillvarme gjennom Sauda Energi
- Auka kunnskap om forventa effekt av klimaendringar og gjennomføra klimatilpassingstiltak

## 9.5 Tettstadutvikling

Kontinuerleg arbeid med tettstadsutvikling er viktig for å skapa ein plass der folk trivest. Lukkast me i å få nye store industrietableringar må me og sørge for at Sauda er ein stad folk har lyst til å bu. Eit levande sentrum er ein viktig del av denne utviklinga. Sauda har ei rekke verdifulle kulturminne, også i sentrum. Me skal jobba for at sentrum er ein triveleg plass som folk ønsker å bruka og opphalda seg. Dette skal sikrast gjennom arbeidet med ein ny sentrumsplan, slik at ein får eit styringsverktøy som samsvarer med strategiane og målsettingane gitt i kommuneplanens arealdel. Å betra forholda for gåande og syklende er også viktig for å skapa eit levande sentrum, og tilrettelegging for mjuke trafikantar skal fortsetja å vera ein prioritet.

Tilgang på natur er ein del av Sauda sitt varemerke og tilgjengeliggjering gjennom t.d. etablering av dagsturhytte er viktig. Å sikra og gjera tilgjengeleg blågrøne områder er eit fokus i kommuneplanen.

Tiltak planlagt i perioden:

- Ny sentrumsplan
- Etablering av Hjartesone ved Ungdomsskulen
- Opne dagsturhytta
- Etablere sykkelparkering ved kommunale arbeidsplassar, skular og viktige målpunkt
- Etablere gang- og sykkelbru mellom Lillebekk og Søndenaålia

## 10 Oppfølging av rammesaken

Kommunestyret behandlet [rammesaken](#) i sitt møte i [juni](#). Dette var første gang kommunestyret fikk presentert en rammesak, og er således også første gang administrasjonen skal ta ned bestillinger fra den.

I vedtaket i saken kom det totalt ønsket om at kommundirektøren skulle se nærmere på tolv ulike områder. Disse er presentert nedenfor, men kommundirektøren har slått sammen punktene 1, 2 og 3 til en utredning. Det har vært et mål at besvarelsen skal være oversiktlig og kortfattet. Kommunedirektøren arbeider fortsatt med å utvikle budsjettdokumentet, og vil bruke erfaringene fra årets prosess inn mot mal for både rammesak og budsjettdokument for neste år.

Kommunestyret ba om følgende utredninger:

1. Bustadattraktivitet - Tilrettelegge for attraktive bueingar til utleige for tilflyttarar som ynskjer å «prøvebu» i Sauda.
2. Korleis Sauda kommune kan støtte opp om og bidra til realisering av sentrumsnære aldervenlege bueiningar til leige, som Comfortpark.
3. Berekraftig bustadutvikling med mogleg støtteordning som stimulerar til gjenbruk av eldre bygg og eksisterande bustadtomter.
4. Ambulerande team med ressurspersonar som har fagkompetanse innan spesialpedagogikk, psykologi, helsesjukepleie og liknande, til å styrke oppfølging av enkeltsaker/krevande saker i skule og barnehage.
5. Sentrumsutvikling – forslag til prosess og framdriftsplan for ny sentrumsplan
6. Kommunestyret har fokus på Omstilling Sauda 2025 – bestilling til budsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027 er ei tydeleg oversikt over tiltak og realisert/venta gevinst i omstillingsarbeidet.
7. Kompetanse – Har en riktig kompetanse på de ulike nivåene – f.eks fagkompetanse, lederkompetanse, innkjøp, plan og forvaltning, er det behov for ny kompetanse,
8. Se på investeringer for å gjøre driften mer effektiv (hjelpemidler, utstyr, etc)
9. Mer åpent bibliotek – er dette «konseptet» overførbart til andre
10. Interkommunale samarbeid – nye muligheter, hva er mulige gevinster – både på faglig og økonomisk nivå.
11. Hvilke investeringer må til i Helse og Velferd for å få ned driftsbudsjettet, realisere Åbøtunet.
12. Utgreie muligheter for å overføre sykepleieoppgaver til annet autorisert helsepersonell.

## 10.1 Bustadattraktivitet

### Vedtak om utgreiing:

Fylgjande utgreiingar vart tinga i rammesaka:

1. Bustadattraktivitet  
Tilrettelegge for attraktive bueingar til utleige for tilflyttarar som ynskjer å «prøvebu» i Sauda.
2. Korleis Sauda kommune kan støtte opp om og bidra til realisering av sentrumsnære aldervenlege bueiningar til leige, som Comfortpark.
3. Berekraftig bustadutvikling med mogleg støtteordning som stimulerar til gjenbruk av eldre bygg og eksisterande bustadtomter.

Ettersom tema overlappar er alle tre punkt her diskutert i fellesskap.

### Kva utfordringar skal tiltaket løyse?

- Bidra til meir variert og attraktivt bustadtilbod
- Tiltrekke potensielle tilflyttarar gjennom gode «prøvebu»-bustader
- Auke tilbod i aldersvenlege bustader som kan gjere det mogleg for fleire å bu heime lenger og redusere behovet for omsorgstenester
- Oppgradering av bustadmasse og meir bærekraftig bustadutvikling

(Sjå også sak 060/2022 til kommunestyret om bustadsituasjon i Sauda)

### Forslag til tiltak

Her følger ei liste med forslag til moglege tiltak retta mot dei tre utfordringane, inkludert vurdering av moglege kostnadar og effektar. *Merk at kostnadsestimat er svært usikre.* Korleis tiltak kan gjennomførast i praksis, til dømes med omsyn til offentlege anskaffelsar, er ikkje vurdert og må sjåast på ved eit eventuelt vedtak om iverksetjing.

Tiltaka som her beskrives er i stor grad basert på kartlegging av kva type tiltak som er gjennomført i andre kommunar, samt innspel frå lokale utbyggerar i samarbeidsmøte i samband med denne saka. Ei meir heilskapeleg og langsiktig vurdering av korleis kommunen skal jobba med strategisk bustad-utvikling bør gjerast der også ulike samarbeidsformer og andre tiltak enn det som blir nemnd her blir vurdert (sjå tiltaksforslag 10).

### Punkt 1 – Bustadattraktivitet

#### **1 Leige før eige**

Kva: Kommunen kjøper eller bygger ein bustad på kommunal tomt som blir leigd ut til «prøvebu»-familie som etter ein periode får tilbod om å kjøpe bustaden.

Kostnad: Minimum 5 mill. per bustad i investering, tilbakebetaling over tid gjennom leige og utkjøp.

#### **2 Utlånsbustad**

Kva: Kommunen kjøper, bygger eller leiger bustad som blir lånt ut gratis (eventuelt låg husleige) til «prøvebu»-familie ein gitt tidsperiode (til dømes eit år) om gongen

Kostnad: Minimum 5 mill. i investering eller rundt 20.000 per måned i leige per familie

### **3 Bustadtilskot til tilflyttarar**

Kva: Økonomisk insentiv for tilflyttarar som vil etablera seg med eige hus i form av tilskot til bygging eller oppussing, eller tilbod om kjøp av kommunal bustadtomt for låge prisar (1 kr eller sjølvkost).

Kostnad: Avhenger av ønska omfang, til dømes 200.000 per familie, inntil tre familiar per år for reint tilskot. For sal av kommunale tomter til 1 kr blir kostnad tapt forteneeste ved seinare sal (ca 300.000 kr).

Forventa effekt: for tiltak 1-3 er å senka terskelen for å «ta eit prøveår» i Sauda for familiar som vurderer dette, samt sikra dei ein attraktiv bustad som gir ei god oppleving den tida dei er i Sauda. Dette kan auka sannsynet for at ein trivast og velger å bli verande. I alle tiltak må bustaden/tomta ha god standard og attraktiv plassering for småbarnsfamiliar.

### **Punkt 2 – Aldersvenlege utleigebustader**

#### **4 ComfortPark**

Kva: ComfortGruppen SA utviklar eit eige bustadkonsept for distrikta med rimelige, aldersvennlige utleigeleiligheter i sentrumsnært bufellesskap (sameige) for menneske i ulike aldersgrupper, familiesituasjonar osv. Dei ønsker å etablere ein pilot i Sauda og prosjektet er no i ein planleggingsfase. Sauda kommune har per no tre representantar i ressursgruppa (samfunnsutvikling, plan, tildelingskontor) som følger prosjektet framover. Ved realisering vil ComfortPark også vere eit tilbod som kan møter behov i punkt 1 som ein attraktiv «prøvebu»-bustad.

Kostnad: Ingen/liten direkte kostnad, men tidsbruk frå kommunens representantar i ressursgruppa

Forventa effekt: Meir variert bustadtilbod, redusert press på omsorgstenester, fleire bustader for tilvising, fleire eldre kan bu heime lenger

#### **5 Intensjonsavtale ved bygging for utleige**

Kva: Det er dyrt å bygga bustader for utleige og kommunen kan stimulera til denne typen bygging ved å stilla garanti for leige i ei viss periode ved manglande leigetakarar. Leigebustad kan nyttast i samband ved ei prøvebu-ordning, til eigne tilsette eller ved andre kommunale behov. Samarbeid med private aktørar som også har tidvis behov for bustad til sine tilsette kan kanskje vera aktuelt her.

Kostnad: Avhenger av prosjektet. Liten meirkostnad om ein har eit behov for leigebustad.

Forventa effekt: Potensielt meir utbygging av utleigebustader

### **Punkt 3 – gjenbruk av eldre bygg og eksisterande bustadtomter**

#### **6 Informasjon om tilskotsordningar**

Kva: Det finnes ulike tilskotsordningar der privatpersonar kan søke støtte til ulike typar tiltak, til dømes energieffektivisering hjå Enova og tilskot til bevaring av kulturminner frå Kulturminnefondet. Terskelen for å nytta desse kan vera stor for privatpersonar, så her kan kommunen ta ei «rettleiarrrolle» og støtta privatpersonar i ein søknadsprosess. Kjøp av energirådgjevingsteneste for kommunens innbyggjarar er også eit alternativ som kan undersøkast nærare.

Kostnad: Ingen direkte kostnad om kommunen sjølv står for rettleiing, men det vil krevja ressursar i form av tidsbruk. Ved kjøp av ekstern energirådgjevingsteneste vil dette ha ein kostnad. Ansvar for tiltaket kan ligge hos Sauda Næringsutvikling KF.

Forventa effekt: Fleire nyttar nasjonale tilskotsordningar og bidrar til generell kvalitetsheving av bustadmassen i Sauda.

### **7 Eige tilskot til renovering/oppgradering o.l.**

Kva: Tilskot til privatpersonar (og eventuelt bustadutviklarar) til renovering av eksisterande bustadar (etter gitte kriterie). Til dømes eit bestemt beløp per bustad og eit gitt tal bustader, eller ein kan setja av ein bestemt pott og definera ein søknadsordning til bestemte typar tiltak. Dette kan til dømes gjelde energitiltak som ikkje blir dekkja av nasjonale ordningar eller spesielt viktige oppgraderingar som er kostbare for den enkelte.

Kostnad: Avhenger av nivå ein ønsker å leggja seg på. Bør setjast av minst 1 mill.

Forventa effekt: Heva gjennomsnittleg kvalitet på eksisterande bustadmasse som igjen kan bidra til auka bustadomsetting, betra estetisk uttrykk, samt positiv klimaeffekt

### **8 Vurdera kostnad for levering av bygningsavfall**

Kva: Det er i dag dyrt å levera bygningsavfall på sorteringsanlegget, og ein kan sjå på moglegheiter for å redusera kostnaden knytt til dette. Dette bør i så fall kun gjelda bustader/materiell der gjenbruk av bygningsmasse ikkje er mogleg.

Kostnad: Sanering av ein vanleg einbustad kan i dag kosta 500.000 (sjølvkost for kommunal handtering). Ein kan oppretta ein tilskotsordning der deler eller heile kostnaden ved sanering refunderast ved oppgradering/sanering av eldre bustader. Det må lagast ei fornuftig ordning som treff godt med omsyn til ønska utvikling.

Forventa effekt: Fleire vel å oppgradera bustaden sin, og det kan bli meir aktuelt for utbyggjarar å oppgradere eldre bustader for sal.

### **Andre tiltak**

#### **9 Moms-kompensasjon**

Kva: Vurdera å auke mva-kompensasjon for utbygging av anlegg som skal overtakast av kommunen (generelt eller ved spesielt ønska utbygging, t.d. utleigebustader eller sentrumsnære leiligheter). Kommunen kan etter justeringsreglene krevja frådrag for vatn- og avløp, og også for veg, leikeplassar, gangstiar m.m. I dag fordeles momskompensasjon i utgangspunktet 50/50 mellom kommune og utbyggjar ved bruk av justeringsmodellen der utbyggjar er byggherre. Ein kan auke andel til utbyggjar for å stimulera til auka utbygging, og eventuelt bruka ulik fordelingsnøkkel ved ulike typar prosjekt.

Kostnad: Må vurderast i eigen sak. Kostnad vil vera administrasjon ved ordninga der kommunen eventuelt får dekkja ein mindre del av sine utgifter.

Forventa effekt: sikra at utbyggjar blir kompensert for mva, bidra til meir utbygging, spesielt av ønska type utbygging

#### **10 Bustadstrategisk arbeid**

Det bør gjerast eit større arbeid innan tema bustad for å sjå på fleire utfordringar knytta til dette i tida framover. Administrasjonen søkte tilskot til å byrje eit slikt arbeid i 2022 men fekk ikkje innvilga søknaden, og har ikkje hatt kapasitet til å setje dette i gang per no. Det bør sjåast både på korleis ein kan jobba heilskapeleg med bustadutvikling framover og vurdera behov for bustadstrategi/handlingsplan eller tilsvarande, samt vurdera på kva måte kommunen bør vera involvert i bustadutviklinga (eige eigedomsselskap, offentlig-privat samarbeid osb.). Her bør det setjast av midlar til ekstern rådgiving på deler av arbeidet, samt setjast av eigne ressursar til å jobba med temaet.

## 11 Samarbeid

Både i faglege anbefalingar og i møtet med aktørar i utbyggingsbransjen i Sauda er det poengtert viktigheita av godt samarbeid mellom kommune og utbygger. God kommunikasjon er ein viktig del av dette. Det blei foreslått å opprette eit felles møtepunkt for å auke samarbeid og diskutere korleis ein kan jobba mot felles mål, både som eit generelt samarbeidsfora og i enkeltprosjekter. I samband med tiltak nr 10 over vil organisering av framtidig samarbeid mellom kommune og utbygger vere eit naturleg tema.

## 12 Sentrumsplan

Bustadutvikling bør inngå som tema i arbeid med ny sentrumsplan.

### Generell merknad:

I alle tilfelle der tiltaka inneber økonomisk tilskot i ei eller anna form må det setjast opp klare retningslinjer for kven som skal kunna nytte seg av tilskotet og/eller kva kriterier det skal fordelast etter. For tiltak 1-3 under punkt 1 er det til dømes vanleg å setja kriterier knytta til aldersgruppe, familiesituasjon osv. for å nå ønska målgruppe. Dette må vurderast nøye ved eventuell iverksetting.

### Forslag til beslutning:

Kommunedirektøren vurderer at bustad er eit tema det bør jobbast meir strategisk med framover. Av tiltaka som her er beskrive blir det foreslått å jobba vidare med følgande tiltak i 2024:

- **4 ComfortPark:** Kommunen deltar vidare i ressursgruppa til ComfortPark-prosjektet.
- **6 Informasjon om tilskotsordningar:** Ansvar for tiltaket kan ligga hjå Sauda Næringsutvikling KF.
- **9 Moms-kompensasjon:** Sjå på moglegheit for å endra fordelingsnøkkel (for alle byggeprosjekt eller ved bygging av bustadtypar som er ekstra ønska).
- **12 Sentrumsplan:** Tema bustad bør vurderast i samband med ny sentrumsplan

Forslag er basert på kva som er tenleg å gjennomføra utan ei meir heilskapeleg vurdering av framtidig bustadstrategisk arbeid. I ein slik prosess kan nytteverdi av større tiltak vurderast i meir detalj før iverksetting. Her bør ein også sjå på kva som vil vera ei god organisering av kommunen sitt bustad-arbeid framover og korleis eit offentleg-privat samarbeid bør organiserast.

## 10.2 Ambulerande team

### **Kva utfordringar skal tiltaket løyse?**

Tilsetje i barnehage og skule møter på ulike utfordringar i dagens samfunn, utfordringar som kan vere krevjande å handtere innanfor den ordinære organiseringa av barnehagar og skular. Desse utfordringane viser seg gjerne mest i skule, men kan også koma til syne på ulike måtar i barnehage. Det kan handle om skulevegning, utfordrande åtferd, oppfølging av §42/43 (barnehagelova) § 9a (opplæringslova), som omhandlar retten til eit trygt og godt miljø, m.m. Dette er ofte dei mest sårbare barn og unge, og barnehagen/skulen kan oppleve at dei ikkje har kompetanse, og/eller kapasitet, til å gi den naudsynte oppfølging og hjelp.

Eit ambulerande team kan koma til nytte i dei sakene det er behov for tett oppfølging av barn/ungdom over tid, der ingen av tenestene åleine har kapasitet, kompetanse eller mandat til den tette oppfølginga som kravst for å finne ei god løysing. Eit team som tettar «mellomrommet» som kan oppstå mellom det ordinære tilbodet og hjelpetenestene (PPT og helse-velferd) sin meir rådgjevande innsats. Eit slags «raud respons-team», som kan rykke ut når det er behov, og bli til barn/ungdom har fått ein betre kvardag.

Eit ambulerande team må også ha mandat til å jobbe med «heile livet» til barn/ungdom, dvs. på alle arenaer dei er. I barnehage/skule, heime og på fritid. Eit viktig oppdrag for eit ambulerande team må også vere å jobbe via dei vaksne som skal «stå igjen» når teamet trekk seg tilbake, slik at dei har fått auka kompetanse til handtere situasjonar som kan oppstå. Krevjande utfordringar har sjeldan «quick-fix»-løysingar! Barn/ungdom har behov for vaksne som ser og forstår kva dei har behov for også etter den mest akutte fasen er over, for å redusere sjansen for at utfordringane kjem tilbake.

### **Kostnad**

Ein kan organisere eit ambulerande team etter ulike modellar, og kva modell ein vel vil avgjera kostnad.

#### **Modell 1: Etter brannvakt og psykososialt team- modellen**

Tilsette i dei aktuelle tenester blir kalla ut på oppdrag/går frå sitt opprinnelege arbeid, for å jobba i det ambulerande teamet. Organiseringa blir tilsvarande «brannvakt» og psykososialt team. Slike oppdrag skal alltid ha høgast prioritet for desse tilsette, noko som må vere avklart i organisasjonen. Det er naturleg at teamet består av tilsette i PPT, barne- og familieteamet, helsestasjonen, evnt. barnevernstenesta og lærarar med spesialkompetanse innanfor feltet, jmf. kriterier i kommunestyret sitt vedtak.

Ein slik modell vil ikkje ha nokon ekstra kostnad, om ein ikkje treng tilføre tenestene ressursar for å kompensere for fråvere. Skal ein kompensere dette, vil kostnaden kunne stipulerast til 140 - 160 % stilling, fordelt på tenestene.

#### **Modell 2: Fast ambulerande team**

Består av tilsette som er frikjøpt i deler av si stilling, for arbeid i eit ambulerande team. Eit team med brei kompetanse bør bestå av minst tre personar med ulik fagbakgrunn. For å sikra kapasitet, kan ein sjå føre seg at tilsette bør ha minst 20 % stilling kvar til slike oppdrag og ein koordinator som har dette som heiltidsstilling.

Ein slik modell vil også ha ein kostnad på totalt 140 – 160 % stilling.

### Modell 3: Interkommunalt samarbeid med Suldal kommune

Modell 3 kan ha modell 1 eller 2 som grunnmodell. Då har ein nokre fleire personar som kan delta i teamet, for å fordele ansvar og ha tilgang på brei kompetanse som kan tilpassast det behov som er.

Kostnaden vil bli den same som i modell 1 og 2.

### Kva er venta effekt av tiltaket, på kort og lengre sikt?

Kommunedirektøren vurderer modell 1 som den mest funksjonelle og effektive driftsmodellen for eit ambulerande team. Dei mest krevjande sakene oppstår ikkje alltid og heile tida, og det kan gå tid mellom kvar gong det er behov for eit slikt team. I slike saker kan det også vere viktig at det ambulerande teamet har rask responstid. Det kan bli vanskeleg om fagpersonane er i Suldal.

#### Fagleg:

Eit slikt team *vil* kunne bidra til å løysa krevjande saker betre og meir effektivt, og slik redusere dei negative konsekvensane slike situasjonar kan gi alle involverte. Og då først og fremst for barn/unge. Dei vil også kunne gi tryggleik og støtte til barn/unge, tilsette og føresette som føler seg fortvila og maktelause i ein vanskeleg situasjon. Og dei kan vere ein nøytral part i saker der samarbeidet har blitt vanskeleg, der tillit er brote. Eit slikt team vil også kunne auka tilsette i barnehage og skule sin kompetanse til å handtere liknande utfordringar som oppstår i framtida.

«Baksida av medaljen» vil vere at sentrale fagpersonar forsvinn frå andre viktige saker dei gir hjelp i, dvs. andre saker kan utvikla seg til å bli større og meir alvorleg. Og/eller at lovpålagte oppgåver ikkje blir gjort.

Barn/unge som har det vanskeleg, er oftast særst avhengig av trygge og gode relasjonar. Tilsette som møter desse barn/unge, ***må vere ein stabil faktor i barn/unge sitt liv***. Om det kjem inn tilsette som kun skal vere del av arbeidet for ein kort periode, kan det skapa utryggleik når desse personane forsvinn igjen.

Ved å oppretta eit «ekspert-team» er det også alltid ein fare for at dei tilsette i den ordinære drifta får mindre tillit til eigen kompetanse og innsats, og heller ønskjer at eit slikt team skal overta utfordringane. Det kan medføre at ein i innsatsperioden blir distansert frå barn/ungdom, noko som kan gjera at utfordringane kjem tilbake når teamet er borte.

#### Økonomisk:

PPT og helse-/velferdstenestene, samt barnehage og skule, opplever at det ikkje er kapasitet innanfor dagens tilbod til å gå inn i eit ambulerande team. Dermed blir det behov for å bemanne opp for dei aktuelle tenestene. Det vil gi auka utgifter på kring 1 million kroner, årleg.

**Forslag til beslutning**

Kommunedirektøren vil ikkje tilrå innføring av eit ambulerande team nå.

Kvifor?

Dei faglege grunnane er at det er tilsette som møter barn/unge i dei daglege relasjonane som er nøkkel til endringa desse barn/unge treng. Å ha nok kapasitet og kompetanse innanfor det ordinære tilbodet, er vurdert som meir tenleg, enn eit ambulerande innsatsteam. Det blir jobba med plan for å auke kompetansen, blant anna gjennom oppfølging av den nasjonale tilskotsordninga «Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis.» I tillegg jobbar barnehagane og skulane sjølv med å løfte sin felles kompetanse gjennom det barnehage- og skulebaserte kompetanseutviklingsarbeidet, i partnerskap med høgskulesektoren. Sauda kommune deltek blant anna i Læringsmiljøprosjektet til Udir i perioden 2023-2025.

Vidare blir det jobba kontinuerleg med å optimalisere BTI-modellen, der tenestene ser på fleire måtar å jobba saman på for å bli eit betre lag rundt tilsette i barnehage/skule, og rundt barn/unge. Dialog med tilsette om kva type støtte dei treng, blir sentralt i vidareutvikling av dette arbeidet.

Utover dette er det også under arbeid ein førebyggjande plan for barn og unge. Denne planen skal innehalde tiltak som skal førebyggja utvikling av alvorlege åtferdsvanskar og omsorgssvikt. Om eit ambulerande team er rett tiltak, vil det kunne bli del av denne planen.

Leiar i PPT, kommunepsykolog og andre helse/velferdstenester for barn og unge har gitt innspel til saksutgreiinga. Leiarar i barnehage og skule, samt HTV frå Fagforbundet og Utdanningsforbundet har gitt innspel til saksutkastet. Alle partane er samde om tilråinga.

**Tiltaket har ei kostnadsramme på 1 040.000 kr, og kommunedirektøren har ikkje tilrådd tiltaket.**

## 10.3 Sentrumsutvikling

### Hvilke utfordringer skal tiltaket løse?

Formålet med en reguleringsplan for sentrum er å sikre et oppdatert plangrunnlag for en videre utvikling av Sauda sentrum.

#### *Tentativ fremdriftsplan:*

- Gjennomføring av DIVE-analyse for sentrum planlegges startet opp i 2023 og gjennomført innen 1.kvartal av 2024. En DIVE-analyse er en kulturhistorisk stedsanalyse hvor kulturmiljøers kvaliteter, muligheter og handlingsrom synliggjøres. Rogaland fylkeskommune har innvilget støtte til dette arbeidet.
- Utlysning av konsulentoppdrag for planarbeidet i 2024,
- Utarbeidelse av mulighetsstudie, planprogram, og politisk vedtak av planprogram i 2024
- Arbeid med utredninger og planforslag samt medvirkningsopplegg 2024 – 2025.
- Førstegangs behandling av planforslag 2025
- Andregangs behandling av planforslag 2025/2026.

I prosessen vil det være bred medvirkning og involvering av ulike parter, inklusiv politisk ledelse for å sikre forankring av arbeidet.

Kommunedirektøren vurderer at det settes av midler i budsjettet til planarbeidet i 2024.

### **Kostnad**

For 2024 er det anslått en kostnad på 500.000 kr, i tillegg til kostnader knyttet til DIVE-analyse. DIVE-analyse er spilt inn som et eget driftstiltak.

### **Kva er venta effekt av tiltaket, på kort og lengre sikt?**

Gjennom et planarbeid for sentrum kan ulike utviklingsmuligheter for sentrum drøftes i samråd med berørte parter og andre interessenter.

### **Forslag til beslutning:**

Kommunedirektøren vurderer at sentrumsutvikling er et tema det bør jobbes mer strategisk med framover, og har i sitt budsjettforslag lagt inn 1MNOK til planarbeid, som blant annet er tenkt å dekke kostnader ved utvikling av sentrum.

## 10.4 Omstilling 2025

Kommunestyret har fokus på Omstilling Sauda 2025 – bestilling til budsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027 er ei tydeleg oversikt over tiltak og realisert/venta gevinst i omstillingsarbeidet.

### Tiltak som er ferdigstilte/oppnådd

I det følgende synliggjøres først de tiltak som er gjennomførte / ferdigstilte, og hvilken gevinst disse har gitt. Under tabellen knyttes det kommentarer til tiltakene. Samlet gevinst på realiserte tiltak er kr: 9 008 500

<b>Gjennomførte / ferdigstilte tiltak</b>				
<b>Nr.</b>	<b>Tittel</b>	<b>PWC-effekt</b>	<b>Usikkerhet</b>	<b>Reel effekt</b>
H7	Riktig bruk av takster på legesenteret	300 000	-80 %	500 000
H9	Redusere bemanning på Gr.B	700 000	-20 %	700 000
H16	Avslutte mobilt barnevern	50 000		50 000
O4	Samlokalisere barnehagetilbudet to uker i juli	60 000		
H8	Nedleggelse av inst.senger	4 500 000	(+/-40%)	1 700 000
H18	Stenge bof. Åbøtunet		6 mnd effekt-23	6 000 000
O12	Avslutte løpende barnehageopptak	Nytt tiltak		Ikke bereknet
O14	Lønn til ansatte 17.mai	Nytt tiltak		58 500
NT	Felles SFO-leder for barneskolene	Nytt tiltak		0
<b>SUM</b>		<b>1 110 000</b>		<b>9 008 500</b>

### Pågående tiltak

Tabellen viser en oversikt over tiltak som i varierende grad er under arbeid. Enkelte er det arbeidet mye med og det foreligger strategi som skal iverksettes, mens andre tiltak er i en tidlig utredningsfase.

<b>Tiltak under arbeid</b>				
<b>Nr.</b>	<b>Tittel</b>	<b>PWC-effekt</b>	<b>Usikkerhet</b>	<b>Forventet effekt</b>
A1	Interkom. samarbeid innen adm.løsninger	2 200 000	+/- 40%	2 200 000
A3	Samle alle merkantile funksjoner i en enhet	1 400 000	+/- 40%	1 400 000
H1	Benytte frivillighet	300 000	(+/-40%)	300 000
H2	Ressursoptimalisering	1 000 000	(+/-60%)	1 950 000
H4	Redusere bemanning ROP	1 400 000	(-20%)	1 120 000
H6	Redusere tilrettelegging	1 400 000	(+/-40%)	
H10	Erstatte private fysioterapeuter	500 000	(-20%)	700 000
H11	Redusere sykefravær	1 500 000	(+/-40%)	750 000
H12	Toppbemanning	7 400 000	(-60%)	1 500 000
H13	Kjøre KØH	614 000	(+/-40%)	Under utredning

Tiltak under arbeid				
Nr.	Tittel	PWC-effekt	Usikkerhet	Forventet effekt
H14	Bakvakt på legevakt	403 000	(+/-20%)	Under utredning
H17	Ta ned vedtakstimer	9 640 000	(+/-40%)	Se H2, H8, H9 og H19
O11	Sentralisere/samle sekretærfunksjonene (se sammen med A3)			
Nye tiltak				
H19	Fremtidens legetjeneste			Pågående
O12	Avslutte løpende barnehageopptak			Ikke beregnet
O14	Lønn til ansatte 17.mai			70 000
<b>SUM</b>		<b>32 357 000</b>		<b>9 990 000</b>

**Tiltak som er vurdert ikke realiserbare / er forkasta**

Ikke-realiserbare tiltak				
Nr	Tittel	PWC-effekt	Usikkerhet	Reel effekt
A5	Politiske møter på ettermiddag og kveld	170 000	0 %	-
A8	Redusert tilskudd til politiske parti og andre politiske kostnader	400 000	+/- 20%	-
A9	Reduksjon frikjøp av tillitsvalgte	350 000	-40 %	-
A10	Innføring av minimumsavdrag	4 000 000	+/- 40%	-
H3	Innføre automatiske med.dispensere	500 000	-80 %	-
H5	Redusere grad av tilrettelegging i turnus	1 400 000	+/- 40 %	-
H15	Stykkprisfinansiere AFU	100 000		-
O1	Ny skolestruktur med to barneskoler	5 150 000	+/- 40 %	-
O2	Samlokalisering av SFO-tilbudet	700 000	+/- 40 %	-
O3	Legge ned Rustå barnehage	1 000 000	+/- 20 %	-
O5	Sommerstengte barnehager	600 000	+/- 20 %	-
<b>SUM</b>		<b>14 370 000</b>		<b>-</b>

## 10.5 Kompetanse

### Kva utfordringar skal tiltaket løyse?

Slik kommunedirektøren tolkar vedtaket er det eit spørsmål om Sauda kommune har tilstrekkeleg kompetanse, i dag og i tida framover. Spørsmålet er generelt, og så er det gitt døme på nokre særskilte områder kor det blir sett på om det er behov for kompetansebygging.

Generelt er Sauda kommune godt skrudd saman, og me har mykje kompetanse i organisasjonen. Me har ein stor %-vis del av fagarbeidarar i dei to store sektorane våre, noko tilsette som har vore i andre kommunar seier er ein kjempestyrke. Me tilbyr også etter- og vidareutdanning på ulike områder når det er naudsynt.

Samstundes er det store rekrutteringsutfordringar på ein del område. Me manglar lærarar, lækjarar og sjukepleiarar, som dei fleste kommunane i Noreg. Me har på grunn av geografiske forhold ein marginal marknad å rekruttere i, og må difor i større grad bygge kompetansen med dei tilsette me har. Vidare må kommunen vurdere både alternative turnusordningar og kva arbeid som kan løysast med fjernarbeid i tida framover.

Så er det også slik at det på dei fleste fagområde er særskilt rask utvikling og stadig nye krav. Det som var gyldig dispensasjonsgrunn får til dømes plan- og bygningslova for to-tre år sidan, er det ikkje i dag. Det er stadig aukande krav til kva skulen skal tilby den einskilde elev, og me ser at haldninga og lovverk i større og større krav går på «Kva kan kommunen gjere for meg i dag?» ikkje «kva kan eg gjere for kommunen i dag?».

Med dette som bakteppe er det naudsynt med kontinuerleg kompetansebygging. Det gjeld for dei fleste område, men det vert fyrst synleg innanfor stabsfunksjonar kor me ofte har ein einskild tilsett med erfaring og kompetanse på området.

